

Bevaringsplan

for private arkiv i Møre og Romsdal

2024–2027



Framsidedfoto: Framsider av digitiserte protokollar i Sanitetsarkivprosjektet i Møre og Romsdal. Totalt er ca. 50 000 sider digitiserte og tilgjengeleggjorde på Digitalarkivet i dette prosjektet.
Foto: Piotr Cabaj, SEDAK / IKAMR.

Prosjektleder: Gudmund Valderhaug

Fylkeskoordinator: Åsta Vadset, Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal

Deltakende institusjoner: Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKAMR), Viti, Romsdalsmuseet, Nordmørmusea, Nynorsk kultursentrum

Grafisk formgivning: Stina Aasen Lødemel

Utarbeidd med støtte frå Arkivverket

Innhold

1 Formål og samandrag	5
Formål	5
Samandrag	5
2 Rammeverk	7
Lov- og regelverk	7
Kulturpolitiske føringar	7
Privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal	11
3 Analyse	14
Metodisk tilnærming	14
Bevaringskriterium	15
Arkivkartlegginga: Gjennomføring og hovudfunn	16
Bevaringsstatus og dokumentasjonsmål	20
Landbruk	21
Fiske og fangst	23
Bergverk	25
Industri	26
Kraft, vassforsyning og renovasjon	31
Bygg og anlegg	31
Varehandel	32
Transport og lagring	33
Reiseliv, overnatting og servering	34
Media og kommunikasjon	35
Finansiering og forsikring	37
Bustad og lokalmiljø	38
Utdanning og forskning	39
Helse og sosial	40
Kultur og kunst	42
Tru og livssyn	43
Idrett og fritid	44
Arbeidslivsorganisasjonar	45
Barne- og ungdomsorganisasjonar	45
Frivilligheit og legat	46

<i>Mangfald og inkludering</i>	47
<i>Natur- og miljøvern</i>	48
<i>Politiske organisasjonar</i>	48
<i>Anna tenesteyting</i>	49
<i>Personarkiv og samlingar</i>	50
4 Handlingsplan 2024–2027	51
Organisering	51
Særlege utfordringar	51
<i>Bevaring av personopplysningar</i>	51
<i>Digitalt skapte privatarkiv</i>	52
<i>Felles ordningsteneste og fellesmagasin</i>	52
<i>Styrking av koordinatorfunksjonen</i>	52
Tiltaksplan	53
Tilrådingar	54



Prosjektgruppa for bevaringsplanen. Frå venstre: Stine Stennes Hovdenakk (Nynorsk kultursentrum), Stein Ryther (Nordmørsmusea), Åsta Vadset (IKAMR), Torgeir Brun (Møre og Romsdal fylkeskommune, ikkje i prosjektgruppa), Gudmund Valderhaug (prosjektleiari), Berit Johanne Vorpbukt (Nordmørsmusea), Kenneth Staurset Fåne (Romsdalsmuseet), Stina Aasen Lødemel (Nynorsk kultursentrum) og Stein Arne Fauske (Viti). Foto: Piotr Cabaj, IKAMR.

1 Formål og samandrag

Formålet

Formålet med bevaringsplan for private arkiv i Møre og Romsdal er å leggje grunnlaget for ei systematisk bevaring og tilgjengeleggjing av privatarkiv i fylket. Grunngevinga for planen er at private og offentlege arkiv utgjer integrerte delar ein eit felles samfunnsminne. Planen dekkjer tidsperioden 2024–2027, og erstattar Bevaringsplan privatarkiv Sogn og Fjordane Møre og Romsdal frå 2016.

Planarbeidet er gjennomført som eit utviklingsprosjekt der Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal har samarbeida med regionmusea og Nynorsk kultursentrum – Aasentunet. Prosjektet er finansiert av Arkivverket med kr. 200 000. Prosjektgruppa har vore samansett av Kenneth Staurset Fåne (Romsdalsmuseet), Stein Arne Fauske (Viti), Stein Ryther og Berit Johanne Vorpbuk (Nordmørsmusea), Stina Aasen Lødemel og Stine Stennes Hovdenakk (Nynorsk kultursentrum – Aasentunet), Åsta Vadset (IKAMR) og Gudmund Valderhaug (prosjektleiar engasjert av IKAMR). Prosjektet vart starta i juni 2022 og avslutta i januar 2024.

Samandrag

I kapittel 2 blir det gjort greie for rammeverket for privatarkivarbeidet. Formålet til arkivlova er å «tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon», men lova inneheld ingen føresegner som krev bevaring av private arkiv. Riksarkivaren er gitt fullmakt m.a. når det

gjeld organiseringa av bevaringsarbeidet, og utnemnde i 2004 særskilde koordinerande organ på fylkesplan, m.a. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKAMR).

Privatarkivarbeidet har vore behandla i fleire offentlege styringsdokument dei siste tiåra. Etter kulturmeldinga (2003) har offentlege og private arkiv vore omtala som «integrerte delar av eit felles samfunnsminne». Arkivmeldinga (2013) oppmoda Riksarkivaren å utarbeide ein strategi for privatarkivarbeidet i Noreg som bygde på eit breitt samarbeid med andre aktørar.

Arkivverkets nasjonale strategi for bevaring av privatarkiv (2015, revidert 2018) skal byggje på ei klar forståing mellom Arkivverket og fylkeskommunane av roller og ansvar i arbeidet, og dei fylkeskoordinerande institusjonane skal utvikle strategiar for bevaringsarbeidet regionalt. Etter ei evaluering av ordninga med dei fylkeskoordinerande institusjonane vart det gjennomført ein ny oppnemningsrunde i 2017, der fylkeskommunane sto for dei formelle oppnemningane. IKAMR vart no oppnemnd av fylkeskommunen, og har m.a. som oppdrag å vere fagleg kompetansesenter og bidra til at dei einskilde aktørane samordnar bevaringsarbeidet.

Privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal blir i dag drive som eit organisert samarbeid mellom IKAMR, regionmusea og Nynorsk kultursentrum – Aasentunet, med IKAMR som koordinator. Nettverket har utarbeida ein samhandlingsplan som legg opp til arbeidsdeling mellom bevaringsinstitusjonane. Kvar aktør har ein innsamlingspolitikk som definerer kva geografiske og/eller tematiske

innsamlingsområde ein ønskjer å ta ansvar for. Desse områda skal i prinsippet utfylle kvarandre, med minst mogleg overlapping. Dei desidert to største aktørane i privatarkivarbeidet i fylket er Romsdalsmuseet og IKAMR, som kvar bevarer i underkant av 800 hyllemeter privatarkiv.

Kapittel 3 presenterer ein analyse kva typar privatarkiv som må bevarast for at den samla arkivbestanden i Møre og Romsdal skal gi eit best mogleg dekkjande bilete av samfunnsutviklinga dei siste 100 åra. Analysen byggjer på to kartleggingar: Den eine gir oversyn over nærings- og organisasjonslivet i fylket. Den andre viser kva privatarkiv som faktisk er bevarte i arkiv, museum, kommunar og historielag. Ved å samanlikne resultatane frå dei to kartleggingane kan ein sjå kva samfunnssektorar som er dårleg representert i arkivsamlingane og difor må prioriterast i innsamlingsarbeidet i framtida. Tala frå kartleggingar av arkivbestanden i institusjonane er presenterte i tabellar på s. 22-23. Analysen av dokumentasjonsbehov, bevaringsstatus og dokumentasjonsmål innanfor 24 samfunnssektorar er presentert på s. 26-60. Denne analysen legg grunnlaget for handlingsplanen i kapittel 4.

Det blir peika på fire særlege utfordringar i bevaringsarbeidet:

- Bevaring av personopplysningar i private arkiv, sett på bakgrunn av bestemmelsane i personvernforordninga (GDPR): Her trengst det ei rutinebeskriving for behandling av slike opplysningar.
- Bevaring av digitalt skapte privatarkiv: Det finst i dag ikkje tilgjengelege ressursar til denne oppgåva, men slike bør kome på plass i løpet av planperioden.
- Behovet for ei felles ordningsteneste og fellesmagasin.
- Styrking av koordinatorfunksjonen.

Kapittel 4 inneheld prosjektgruppa framlegg til handlingsplan for privatarkivarbeidet. Planen gjeld for perioden 2024 – 2027. Gjennomføringa av planen skal følgje retningslinene som er fastsett i samhandlingsplanen.

Gjennomføringa av oppgåvene i planperioden er beskrevet i ein handlingsplan, der ansvaret for oppgåvene er lagt til anten koordinator, den enkelte institusjonane eller privatarkivnettverket som heilskap.

Kapittelet blir avslutta med to tilrådingar frå prosjektgruppa:

- Det blir sett i gang arbeid med å greie ut korleis ei felles ordningsteneste og eit ev. fellesmagasin kan organiserast og finansierast. Ei slik utgreiing kan med fordel òg drøfte og ta stilling til korleis arbeidet med bevaring av digitalt skapte privatarkiv skal gjennomførast. Vi finn det naturleg at Møre og Romsdal fylkeskommune i samarbeid med IKAMR tar ansvar for utgreiinga, og at musea deltar i arbeidet.
- Privatarkivnettverket i Møre og Romsdal har dei siste åra hatt ei svært positiv utvikling. Samarbeid og samhandling har ført til at bevaringsarbeidet har blitt styrka både kvantitativt og kvalitativt. Dette har samstundes ført til at koordinator ved IKAMR har fått fleire og større oppgåver. Det er difor nødvendig å styrke koordinatorfunksjonen, i første rekkje ved auke av det fylkeskommunale tilskotet.

2 Rammeverk

Lov- og regelverk

I formålsparagrafen i arkivlova heiter det at «føremålet med denne lova er å tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon». Paragrafen gjeld arkiv generelt, men i motsetning til offentlege arkiv som er underlagt m.a. bevaringsplikt, inneheld ikkje lova føresegner som krev bevaring av private arkiv.

Riksarkivaren kan med heimel i § 13 registrere private arkiv som «særskilt verneverdige». Slike arkiv ikkje kan «delast opp, førast ut or landet, skadast eller øydeleggjast» utan samtykke frå Riksarkivaren, som òg har rett til å kopiere slike arkiv. Riksarkivaren har så langt brukt dette verkemiddelet ein gong.¹

Med heimel i § 14 i lova kan Riksarkivaren dessutan fastsetje retningsliner for arbeidet med privatarkiv i offentlege organ og private verksemdar som mottar offentlege tilskot til dette arbeidet. Denne føresegna har lagt grunnlaget for det formaliserte samarbeidet om bevaring av privatarkiv på nasjonalt og regionalt plan. Slike retningsliner vart først fastsette i 2002.²

Retningslinene etablerte eit nasjonalt system for privatarkivarbeidet, der dei ulike aktørane vart pålagt å utforme bevaringspolitikk som beskrev kva type arkiv ein tok sikte på å samle

inn, og bevaringsplanar som identifiserte kva arkiv dette gjaldt. Dette skulle skje i samarbeid med andre aktørar. Ansvar for å koordinere verksemda på nasjonalt nivå vart lagt til Riksarkivet og på fylkesnivå til særskilde koordinerande organ utnemnde av Riksarkivaren.

Retningslinene fastsette vidare at bevaring og beskriving av arkiva skulle følgje arkivfaglege prinsipp og metodar. Mottak av arkiv skulle skje med skriftlege avtalar med arkiveigar eller givar, arkiva skulle ordnast og registrerast i samsvar med proveniensprinsippet, oppbevarast trygt og gjerast tilgjengeleg for bruk. Det vart dessutan åtvåra mot å berre ta imot dei delane av eit arkiv som var interessante for ein institusjons arbeidsfelt, eit arkiv måtte bevarast i sin heilskap.

Retningslinene vart følgd opp med oppnemning av koordinerande organ i fylka, m.a. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal. I denne omgangen skjedde dette utan fylkeskommunal forankring og utan at det følgde med ressursar til arbeidet, men etableringa av eit landsomfemnande nettverk vart rekna som eit viktig steg framover.

Kulturpolitiske føringar

Etter at arkivlova trådde i kraft i 1999 har bevaring av privatarkiv blitt behandla i fleire kulturpolitiske styringsdokument.

¹ Saka gjaldt Nasjonal Samlings riks- og rådsmøteprotokoll 1934-1945, som vart annonsert til sals av ein privatperson. Sjå NOU 2019:9 Frå kalveskinn til datasjø – ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver, s. 224.

² Retningslinjer for arbeidet med privatarkiver (Riksarkivaren 2005).

ABM-meldinga frå 1999¹ gav eit breitt oversyn over status for privatarkivarbeidet, men drøfta i liten grad privatarkiva sin verdi som samfunnsdokumentasjon. Meldinga avviste tanken om at ein større del av «den statlege innsatsen på arkivområdet må nyttast til privatarkivarbeid, for å unngå at ein i framtida skal sitja att med eit skeivt kjeldegrunnlag for innsikt i og dokumentasjon av norsk samfunnsliv»². Dette vert grunnlagt med at offentlege arkiv hadde fleire kjeldefunksjonar enn forskning og identitetsbygging, m.a. rettsleg og forvaltningsmessig dokumentasjon. Meldinga konkluderte difor med at det systemet som var etablert i arkivlova, saman med ei ny støtteordning for bevaring av privatarkiv, ville leggje eit godt grunnlag for privatarkivarbeidet i tida framover.

I Kulturmeldinga av 2003³ har det skjedd ei endring. Her blir offentlege og private arkiv omtala som «integreerte delar av eit felles samfunnsminne». Det er difor behov for større systematikk i privatarkivarbeidet, noko som krev «overordna vurdering av tilhøvet mellom arkiv knytt til ulike samfunnssektorar, mellom ulike kategoriar av arkivskaparar, mellom arkiv med lokal og nasjonal tilknytning...». Meldinga slår avslutningsvis fast at det

“

som ein utviklingsstrategi på arkivområdet må ... i større grad enn hittil siktast mot å bevare og formidla eit breiare spekter av arkiv, for å leggja til rette for heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga, dvs. at ein må få ein betre balanse mellom statlege, kommunale og private arkiv, og at

offentleg og privat sektor vert sett meir i samanheng.⁴

Dette markerer eit nytt syn på privatarkiva som samfunnsdokumentasjon; dei er ikkje lenger berre supplement til offentlege arkiv, men ein likestilt og naudsynt del av eit integrert samfunnsminne. Dette synet var i òg samsvar med den arkivvitskaplege utviklinga sidan 1980-talet, der ei ny forståing av arkiva som produkt av samhandling mellom ulike samfunnsaktørar og av arkiva sine samfunnsmessige funksjonar var sentrale kjenneteikn.

Denne arkivforståinga låg òg til grunn for stortingsmeldinga om arkiv frå 2013.⁵ Her blir det òg erkjent at privatarkiva har «verdi som dokumentasjon av kulturelle, rettslege og personlege interesser til enkeltpersonar og grupper av menneske», og vist til at «private organisasjons- og institusjonsarkiv vore nytta mellom anna som kjelder for historia til nasjonale minoritetar og for å dokumentere opphald på barneheim som grunnlag i erstatningssaker»⁶.

Meldinga har ei brei gjennomgang av institusjonslandskapet som bevarer privatarkiv, og peikar m.a. på den viktige rolla som musea kan spele på dette feltet. Musea oppbevarte i 2012 om lag ein tredel av den samla privatarkivbestanden i Noreg, men rundt halvparten av desse arkiva var uordna og difor utilgjengelege for publikum. Ein relativt stor del av dei ordna arkiva var heller ikkje «systematisert eller registrert i samsvar med arkivfaglege standardar. Dette

1 St.meld. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningssmessige rammevilkår på kulturområdet.

2 ABM-meldinga kap. 4.3.5.

3 St.meld. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014.

4 Kulturmeldinga av 2003, kap. 3.3.11. og kap. 11.4.3.5.

5 Meld. St. 7 (2012-2013) om arkiv.

6 Arkivmeldinga kap. 2.3.3.

reduserer i stor grad verdien til arkiva som kjelder og dokumentasjon, både for forskinga, for det allmenne publikummet og i sjølve museumsarbeidet»¹.

Meldinga gav Riksarkivaren ansvaret for å styrke privatarkivarbeidet i Noreg:



Departementet legg til grunn at Riksarkivaren med utgangspunkt i ansvaret han er tildelt etter arkivlova, konkretiserer nivået for bevaring av privatarkiv i Noreg. Ramma for denne konkretiseringa er at arkiv frå privat sektor skal vere tilfredsstillande representerte i ein samla samfunnsdokumentasjon. Konkretiseringa av nivået bør skje i samspel med andre viktige aktørar på arkivområdet, både organisasjonar og institusjonar.

På dette grunnlaget bør Riksarkivaren utarbeide ein strategi for privatarkivarbeidet i Noreg. Strategien bør basere seg på eit breitt samarbeid over heile arkivområdet – inkludert å utnytte dei vilkåra som ligg føre for eit samspel med aktørar i privat sektor...²

Arkivverkets nasjonale strategi for bevaring av privatarkiv (2015, revidert 2018)³ formulerer fire delmål for arbeidet: 1) sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon, 2) tydeleg prioritere bevaring av privatarkiv, 3) gi brukarar god tilgang til privatarkiv på line med offentlege arkiv, og 4) utnytte ressursane på ein god måte. Strategien

skal byggje på ei klar forståing mellom Arkivverket og fylkeskommunane av roller og ansvar i arbeidet, og dei fylkeskoordinerande institusjonane skal utvikle strategiar for bevaringsarbeidet regionalt.

Arkivlovutvalets innstilling⁴ slutta seg til synspunkta i Arkivmeldinga, men foreslo i tillegg at fylkeskommunane fekk ei lovfesta rolle som regionale koordinatarar:



Å gi fylkeskommunene en formell regionalt koordinerende rolle vil åpne for i større grad å se private arkiver i sammenheng med fylkeskommunens øvrige oppgaver innenfor bibliotek, museum og kulturminnevern samt med regional utvikling generelt. Fylkeskommunenes involvering i næringsutviklingen i regionen kan bidra til en større forståelse for betydningen av å bevare dokumentasjon fra næringslivet og gjøre den tilgjengelig.⁵

Framlegget fekk brei støtte i høyringsrunden, men vart avvist i Kultur- og likestillingsdepartementets høyringsnotat. Notatet viste til evalueringa av ordninga med fylkeskoordinerande ledd som vart gjennomført av Riksarkivaren i 2016⁶, som hadde tilrådd at koordinatorfunksjonen «bør vere forankra i fylkeskommunen og beskrive i fylkeskommunale kulturplanar. Utan eit slikt ansvar blir arbeidet med private arkiv liggjande utanfor ansvarsområdet til lokal- og regionalforvaltninga, som ofte heilt eller delvis er finansieringskjelda til

1 Same stad, kap. 3.4.1.

2 Same stad, kap. 6.2.1. Avsnittet «Private arkiv».

3 Nasjonal strategi for privatarkivarbeidet - Arkivverket.

4 NOU 2019:9 Fra kalveskinn til datasjø – ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver.

5 NOU 2019:9 Fra kalveskinn til datasjø, avsnitt 22.4.6

6 Denne evalueringa førte òg til at Arkivverket i 2017 tok initiativet til at fylkeskommunane på ny skulle oppnemne fylkeskoordinerande institusjonar.

bevaringsinstitusjonane»¹. Departementet meinte likevel at det var unødvendig å lovfeste eit fylkeskommunalt ansvar, fordi at privatarkivarbeidet var «basert på frivilligheit og eit godt løpande samarbeid med både private og regionale styresmakter og kulturverninstitusjonar, så vel på kommunalt som på fylkeskommunalt nivå. Vurderinga til departementet er derfor at det ikkje er tenleg å binde opp handlingsrommet ved å lovfeste eit nytt formelt forvaltningsnivå i privatarkivarbeidet»².

Høyringsnotatet understreka elles at bevaring av private arkiv er basert på frivilligheit og at det ikkje er aktuelt å gi private arkiveigarar nokon bevaringsplikt. Bevaring må byggje på tillit mellom arkiveigarar og arkivinstitusjonar. Å kartleggje kva privatarkiv som bør bevarast krev god lokalkunnskap, regionalt oversyn og fleksible løysingar, og i denne samanhengen var privatarkivnettverka svært viktige.

Oppsummert kan vi seie at dei kulturpolitiske føringane for privatarkivarbeidet i dag er følgjande:

- Privatarkiv og offentlege arkiv er integrerte delar av samfunnsdokumentasjonen, og bevaringsarbeidet for privatarkiv må difor styrkast.
- Arkivverket (Riksarkivaren) koordinerer arbeidet på nasjonalt nivå og samarbeider med dei fylkeskoordinerande institusjonane i eit nasjonalt nettverk.
- Det regionale arbeidet skal vere forankra i fylkeskommunane, som oppnemner regionale ansvarsinstitusjonar og behandlar privatarkivarbeidet i sine planar.
- Dei regionale koordinatorane samarbeider med andre institusjonar i fylka og utarbeider strategiar for bevaringsarbeidet.



Personarkiv inneheld ofte brev, kort, dagbøker og foto. Avbilda er innhald frå arkivet etter Selma Nygård (1899–1995). IKAMR / P-00538. Foto: Åsta Vadset / IKAMR.



Foto frå registrering av private arkiv ved Ørsta rådhus, 2023. Prosjektleiar for bevaringsplanarbeidet, Gudmund Valderhaug, avbilda. Foto: Åsta Vadset / IKAMR.

¹ KLD: Høyringsnotat om framlegg til arkivlov, s. 168.

² Same stad.

Privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal

Dei desidert to største aktørane i privatarkivarbeidet i fylket er Romsdalsmuseet og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal, som kvar bevarer i underkant av 800 hyllemeter privatarkiv.

Romsdalsmuseet

Det organiserte privatarkivarbeidet i fylket starta 27.03.1968, då styret i Romsdalsmuseet vedtok å opprette Romsdalsarkivet som ei eiga avdeling ved museet.¹ Tidlegare hadde nok musea, historielag og kommunar tatt i mot tilfeldige avleveringar av privatarkiv, men Romsdalsarkivet var den første aktøren som hadde innsamling og bevaring av ikkje-offentlege arkiv som si hovudoppgåve. Det materialet som vart motteke vart registrert i eit kortregister med opplysningar om givar/arkivskapar, tema, og opphavskommune eller -stad. Fram til 1976 vart oversyn over tilvekstane publisert i museets årbok. På 1990-talet vart kortregisteret digitalisert, og systemet vart vidareført digitalt til arkivsystemet Asta vart tatt i bruk ca. 2010.²

På grunn av dei ressursane museet rådde over før 2010



var det heilt uråd å gå breitt ut for å samle privatarkiv. Men det fanst unntak. Frå andre halvdel av 1800-talet hadde Romsdal mange

private brannkasser, og ved ei samanslåing i 1989 vart arkiva etter desse «historiske». Til dette arbeidet fekk vi både praktisk og økonomisk hjelp til oppsporingsarbeidet og ordninga, og det var svært inspirerande.³

Frå 2010 fekk Romsdalsmuseet tilsett ein konservator med ansvar for privatarkivsamlinga. Etter innføringa av Asta vart vert innført arkivfaglege prinsipp for registreringa. Frå 2013 har museet m.a. gjennomført eit idrettshistorisk prosjekt som omfattar innsamling av munnleg historie og arkiv frå einskildpersonar og idrettslag.

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

IKAMR vart skipa i april 2000 som eit samarbeid mellom kommunane i Møre og Romsdal, inkludert fylkeskommunen. Formålet er å arbeide for at «arkivmateriale frå eigarane eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål ...»⁴. I 2004 vart selskapsavtalen endra, slik at IKAMR òg kunne arbeide med bevaring av privatarkiv. Året etter vedtok representantskapet å skipe ei privatarkivteneste finansiert av særlege tilskot frå eigarane. I dag deltar 20 kommunar i denne ordninga,⁵ inkludert fylkeskommunen. Medlemsskap i ordninga inneber at kommunane kan avlevere privatarkiv til IKAMR.

I 2004 oppnemnde Riksarkivaren IKAMR som fylkeskoordinerande institusjon for

1 Parelius, N.: Romsdalsarkivet i vekst. I Romsdalsmuseet årbok 1967, s. 26. I artikkelen blir det òg opplyst at Sunnmøre museum, Sunnmøre historielag, Ålesund museum og Ålesund museums akademi i 1966 hadde tatt initiativet til eit Sunnmørsarkiv, men desse planane stranda då Norsk kulturråd av slo å gi mildar til eit eldsikkert magasin.

2 Notat frå Bjørn Austigard 28.08.23.

3 Same stad.

4 Selskapsavtale for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS, § 4.

5 I dag er desse kommunane med i ordninga: Aukra, Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Hustadvika, Rauma, Sande, Sandøy (Ålesund), Smøla, Stranda, Sula, Sunndal, Surnadal, Tingvoll, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda og Møre og Romsdal fylkeskommune.

privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal.¹ I brevet heiter det at «nettverket av ansvarsinstitusjoner skal medvirke til å forankre arbeidet med privatarkiver klarere i regionalt plan- og utviklingsarbeid og i kulturpolitikken» og samstundes vere «utgangspunktet for økt innsats i arbeidet med vern og formidling av privatarkiver regionalt og lokalt». Men oppnemninga av fylkeskoordinerande institusjonar vart ikkje følgd opp med ressursar. Det kom ingen statlege løyvingar til dette arbeidet, og det gjer det framleis ikkje. Dei tilskota IKAMR fekk gjennom privatarkivordninga skulle brukast til bevaring av privatarkiv som vart overført frå kommunane, og ikkje til koordineringsfunksjonen.

Etter evalueringa av ordninga med fylkeskoordinerande ledd i privatarkivarbeidet tok Riksarkivaren initiativ til nyoppnemning av koordinatarar i 2017. I brev til Riksarkivaren skriv Møre og Romsdal fylkeskommune:



Det er naturleg at IKA Møre og Romsdal fortsatt skal være det fylkeskoordinerende leddet for privatarkivarbeidet i fylket. Samtidig ser en at en revitalisering og styrking av nettverket av fylkeskoordinerende institusjoner for privatarkiv er viktig for en videreutvikling av ordningen i årene fremover.²

IKAMR si rolle som koordinatar innebar etter nyoppnemninga å vere fagleg kompetansesenter for dei institusjonane som treng det, bidra til at dei einskilde aktørane i privatarkivarbeidet samordnar si verksemd og utarbeide ein bevaringsplan for privatarkivarbeidet i fylket. Det er i dag ei stilling ved IKAMR som dels arbeider med institusjonens egne privatarkiv, dels med

koordinatarfunksjonen.

Viti

Viti har privatarkivsamlingar ved Sunnmøre museum, Møbelmuseet og deponert ved IKAMR.

Nordmørsmusea

Nordmørsmusea har privatarkivsamlingar ved avdelingane i Averøy, Kristiansund, Smøla, Sunndal, Surnadal og Tingvoll.

Nynorsk kultursentrum – Aasantunet

Aasantunet har ei samling personarkiv. Nynorsk kultursentrum er dessutan nasjonal koordinatar for bevaring av arkiv om nynorsk skriftkultur.

Andre aktørar

Fleire historielag har òg tatt ansvaret for å bevare privatarkiv. Her er Lokalhistorisk arkiv på Smøla eit godt døme på korleis lokalt privatarkivarbeid kan gjerast. Historielaga deltar så langt ikkje i privatarkivnettverket.

Samhandlingsplan for privatarkivarbeidet

Våren 2020 gjennomførte IKAMR ei kartlegging av status for privatarkivarbeidet i regionmusea, og ein drøfta samstundes spørsmål knytt til musea sine målsetjingar, innsamlingsområde og ressursar. På dette grunnlaget vart det utarbeida ein samhandlingsplan for privatarkivarbeidet i fylket.

Samhandlingsplanen legg opp til arbeidsdeling mellom bevaringsinstitusjonane. Kvar aktør har formulert ein innsamlingspolitikk som definerer kva innsamlingsområde ein ønskjer å ta ansvar for. Innsamlingsområda kan vere geografiske eller tematiske, eller ein

¹ Brev frå Riksarkivaren til m.a. fylkeskommunane og dei fylkeskoordinerande institusjonane 29.11.2004.

² Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Riksarkivaren 9.05.2017.

kombinasjon av desse. Desse områda skal i prinsippet utfylle kvarandre, med minst mogleg overlapping. Innsamlingsområda til institusjonane er formulert slik:

- Nordmørsmusea sitt innsamlingsområde omfattar arkivskaparar i kommunane Aure, Averøy, Heim, Hustadvika, Kristiansund, Smøla, Sunndal, Surnadal og Tingvoll, det vil seie den nordmørske kulturarven. I tillegg vil musea dokumentere tema som fartøy- og bygningsvern, med spesielt fokus på handlingsboren kunnskap. Utover dette vil ein ivareta arkiv med tema som går igjen i verksemda sin strategiplan og underliggjande fagplanar.
- Viti ønskjer i hovudsak å fokusere på ordning av eksisterande privatarkivsaming. I tillegg vil dei drive aktiv innsamling av arkiv knytt til dei overordna satsingsfelt i stiftinga (maritim næring, kystkultur og jugendstil).
- Romsdalsmuseet sitt innsamlingsområdet omfattar arkivskaparar med geografisk tilhøyre i Romsdal, utan tematisk avgrensing. Ein ønsker også å ta vare på privatarkiv frå den tidlegare Romsdalskommunen Sandøy, som etter 01.01.2020 er ein del av Ålesund kommune.
- Arkiva i Nynorsk kultursentrum – Aasantunet består primært av personleg skapte privatarkiv som på ulike vis dokumenterer nynorsk skriftkultur. I planperioden vil institusjonen jobbe med å samle inn munnlege minne og dokumentere nynorsk i samtida

gjennom fotoinnsamling, og fokusere på å registrere eksisterande privatarkiv. Nynorsk kultursentrum har gjennom avtale med Arkivverket nasjonalt ansvar for å koordinere arbeidet med å bevare privatarkiv knytt til nynorsk skriftkultur, og skal utarbeide ein bevaringsplan for feltet.

- IKAMR sitt innsamlingsområde omfattar arkivskaparar med fylkesdekkande arbeidsområde innanfor noverande Møre og Romsdal fylke, utan tematiske avgrensingar. IKAMR har ei privatarkivordning der 20 av 26 kommunar per i dag er medlemmar. Fleire av kommunane har vore medlemmar sidan ordninga starta i 2008 og har avlevert ein del arkiv både før og etter dette formelt vart starta opp. IKAMR ønskjer at medlemskommunane skal kunne fortsette med dette framover. Dei må kunne ha valet om å avlevere enten til sitt regionmuseum eller til IKAMR.

Planen inneheld òg ei beskriving av dei arkivfaglege prinsippa som gjeld for mottak, ordning og beskriving, oppbevaring og sikring, og tilgjengeleggjing av arkiva. Planen etablerer vidare eit fagleg nettverk for privatarkivarbeidet i fylket. Nettverket, som er leia av koordinator, skal vere eit samarbeidsorgan og fagleg ressurs, og skal drøfte bevaringsplanar, faglege utfordringar og samarbeidsformer. Nettverket møtest vanlegvis ein gong i året.

Saksarkiv frå De Norske Klippfiskeeksportørers Landsforening og Unidos A/S før ordning. Arkivet strekk seg frå 1931, då DNKL vart oppretta, til avviklinga av Unidos A/S i 2015. IKAMR / P-00045. Foto: Piotr Cabaj, SEDAK / IKAMR.



3 Analyse

Metodisk tilnærming

Dette kapittelet presenterer ein analyse kva typar privatarkiv som må bevarast for at den samla arkivbestanden i Møre og Romsdal skal gi eit mest mogleg dekkjande bilete av samfunnsutviklinga dei siste 100 åra. Analysen byggjer på to kartleggingar: Den eine gir oversyn over nærings- og organisasjonslivet i fylket; den andre kva arkivførekomstar¹ som er bevarte i arkiv, museum, kommunar og historielag.

Formålet med kartlegginga av verksemder og organisasjonar er å få oversyn over aktivitetar som har vore, eller er, viktige

for lokalsamfunn, regionar eller fylket som heilskap, og som difor bør dokumenterast ved innsamling av arkiv. Når vi samanliknar dette oversynet med kartlegginga av bevarte arkivførekomstar, kan vi sjå kva slags aktivitet som ikkje er dokumentert i samlingane og difor bør prioriterast i innsamlings- og bevaringsarbeidet framover.

I kartlegginga av verksemder og organisasjonar har vi tatt utgangspunkt i Arkivverkets bevaringsplan for privatarkiv (2020). Denne planen deler samfunnslivet inn i bestemte kategoriar, og med nokre mindre tilpassingar følgjer vi denne inndelinga.² Dei kategoriane vi nyttar er:

- landbruk
- fiske og fangst
- bergverk
- industri
- kraft, vassforsyning og renovasjon
- bygg og anlegg
- varehandel
- transport og lagring
- reiseliv, overnatting og servering
- media og kommunikasjon
- finansiering og forsikring
- bustad og lokalmiljø
- utdanning og forskning
- helse og sosial
- kultur og kunst
- tru og livssyn
- idrett og fritid
- arbeidslivsorganisasjonar
- barne- og ungdomsorganisasjonar
- frivilligheit og legat
- mangfald og inkludering
- natur- og miljøvern
- politiske organisasjonar
- anna tenesteyting

¹ Vi nyttar omgrepet «arkivførekomst» fordi ein stor del av den bevarte arkivbestanden berre er fragment av dei opphavlege arkiva, t.d. ei møtebok, ein ringperm med korrespondanse eller ein rekneskapsprotokoll som tilfeldigvis har blitt bevart medan resten av arkivet kan ha gått tapt. Omgrepet kan såleis vise både til eit arkivfragment eller til eit arkiv som er bevart som heilskap.

² Den viktigaste endringa frå Arkivverkets bevaringsplan er at vi ikkje tatt med kategorien olje og gass, fordi Olje og gass-arkivet har eit nasjonalt ansvar for denne sektoren.

Kartlegginga gir oversyn over verksemder og organisasjonar som var aktive ca. 1950 og i dag (2023). Årsaka til denne avgrensinga er at tidsramma for prosjektet har gjort det naudsynt å konsentrere seg om nokre få, lett tilgjengelege kjelder. Vi har valt tre slike: bokverket *Det norske næringsliv. Møre og Romsdal* (1953) – nedanfor forkorta DNNMR – som gir eit breitt oversyn over verksemder i fylket i 1951–52, opplysningar frå offentleg statistikk publisert på Statistisk sentralbyrå sin nettstad, og aktuelle registreringar i Brønnøysundregistra.¹ Vi har i nokre tilfelle òg nytta verksemder sine nettstader når det har vore naudsynt å hente inn supplerande opplysningar.

Bevaringskriterium

Vi kan ikkje bevare alt som vert skapt av private arkiv. Ein grunn er at bevaringsarbeidet har knappe ressursar, ein annan at mange arkiv har liten bevaringsverdi. Likevel må det vere eit mål arkivbestanden gir eit breitt og allsidig bilete av samfunnsutviklinga. Innsamlinga av privatarkiv kan difor ikkje vere vilkårleg, og her bevaringsplanen har sin hovudfunksjon: Å bidra til ei systematisk tilnærming til utveljinga av arkiv, tufta på tydelege kriterium som kan skilje bevaringsverdige arkiv frå dei med liten bevaringsverdi.

God arkivfagleg praksis inneber i dag å nytte såkalla funksjonsbasert bevaringsvurdering, der bevaringsverdien til arkiv blir knytt til korleis dei dokumenterer ulike funksjonar i samfunnet. Vår inndeling i samfunnskategori er eit godt utgangspunkt for slike vurderingar, og vi har nytta ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative kriterium i vurderingane.

Dei kvantitative kriteria skal identifisere dei

arkivskaparane som har hatt mykje å seie for utviklinga av samfunnet lokalt eller regionalt:

- Produksjonsbedrifter med mange tilsette kan ha hatt stor påverknad på eit lokalsamfunn, ikkje berre økonomisk fordi mange henta si inntekt der, men òg kulturelt og politisk gjennom bedriftskulturar og fagorganisering.
- For handelsverksemder og tenesteytande verksemder kan talet på kundar eller klientar seie noko om kor viktig ei slik verksemd har vore.
- I organisasjonslivet er medlemstal eit viktig kriterium, men ein organisasjon kan òg påverke samfunnet gjennom ulike aktivitetar, slik som møte, offentlege aksjonar, innlegg i media o.l. Når det gjeld organisasjonar som er aktive på sosiale media, kan talet på følgjarar vere eit relevant kriterium.

Ein reint kvantitativ analyse er likevel ikkje tilstrekkeleg. Vi har òg nytta kvalitative kriterium, dels for å skilje ut dei mest bevaringsverdige arkiva blant arkivskaparar innanfor same kategori, dels for å sikre dokumentasjon av verksemder som er bevaringsverdige av andre grunnar enn kvantitet åleine. Vi har nytta desse kriteria for å identifisere arkiv med særleg bevaringsverdi:

- Representativitet: arkiv som dokumenterer noko som er representativt innanfor ein kategori, tidsperiode eller lokalsamfunn.
- Status: arkiv som dokumenterer verksemder, organisasjonar og privatpersonar som har spela viktige roller i næringsliv, politikk, kulturell liv osv.
- Kontinuitet: arkiv som dokumenterer aktivitet over lang tid.
- Pionerverksemd: arkiv som dokumenterer

¹ Opplysningar om skipingsår for eksisterande organisasjonar og verksemder er henta frå einingsregisteret.

- tekniske, forretningsmessige, kulturelle, politiske eller andre nyskapingar.
- Konsekvensar for menneske eller miljø: Arkiv som dokumenterer einskildpersonar sine rettar eller historie, eller verksemd som har påverka naturmiljøet.
- Dokumentasjon av minoritetar: Arkiv som dokumenterer forhold som gjeld etniske eller andre minoritetar og marginaliserte samfunnsgrupper har stor bevaringsverdi, fordi desse gruppene ofte har vore usynleggjort og marginalisert, både i samfunnet og i arkiva.

På dette grunnlaget har vi i denne planen peika på nokre samfunnssektorar som bør prioriterast i bevaringsarbeidet, og i tillegg identifisert nokre arkiv som sikrast for bevaring, ordning og tilgjengeleggjering.

Arkivkartlegginga: Gjennomføring og hovudfunn

Arkivkartlegginga vart gjennomført frå hausten 2022 til sommaren 2023. Det vart sendt ut kartleggingsskjema til musea, Aasentunet, IKAMR, kommunar som står utanfor privatarkivordninga ved IKAMR, Smøla lokalhistoriske arkiv og 39 historielag.

Kartleggingsskjemaet inneheldt rubrikkar for registrering av arkiva: opplysningar om arkivskapar, start- og sluttår for arkivet, omfang i hyllemeter, opphavskommune, arkivskapartype og samfunnskategori. Det var fem val for arkivskapartype: Bedrift, organisasjon, institusjon, person og samling. Samling vil i denne samanhengen seie at

arkivet ikkje var skapt av den ordinære verksemda til arkivskaparen, men samla inn frå ulike kjelder for å dokumentere eit objekt eller ei hending. Eit døme på slike samlingar er bygdebokarkiva.

Kartlegginga var avgrensa til å registrere arkivnivået, og ikkje kva seriar arkiva inneheld. Det var to grunnar til dette. Den eine var at mange av arkiva ved institusjonane berre er registrert på arkivnivå, dei er ikkje ordna og katalogisert. Den andre var at tidsbruken ved ei meir omfattande kartlegging ville bli mangedobla, både i registrerings- og analysearbeidet, noko prosjektet ikkje hadde ressursar til.

Ei negativ følge av denne avgrensinga er at det i visse høve kan vere vanskeleg å avgjere om eit registrert arkiv er (meir eller mindre) komplett eller berre eit fragment. I dei fleste tilfelle kan opplysninga om arkivet sitt omfang vere ein peikepinn: om arkivet etter ei større bedrift har eit omfang på 0,05 hyllemeter er det openbart tale om eit fragment. Motsett: om eit ungdomslagsarkiv har eit omfang på ein hyllemeter eller meir, er det mest truleg at i alle fall storparten av arkivet er bevart.

Oppbevaringsstadane registrerte og leverte arkivopplysningane i Excel-skjema som vist under. Etter gjennomgang av leverte skjema tyder alt på at utfyllinga har gått greitt, bortsett frå nokre relativt få tilfelle der det er registrert feil samfunnskategori for arkiva. Slike feil vart retta opp før analysen av registreringane.

Det kom inn svar frå 32 einingar: Regionmusea inkl. avdelingar, Aasentunet, IKAMR, Smøla lokalhistoriske arkiv, tre kommunar og 15 historielag. Arkivsamlinga ved Gamle

Arkivskapar	Startår	Sluttår	Omfang	Kommune	Type	Samfunnskategori

Kvernes bygdemuseum, som er ein del av Nordmørsmusea, var nedpakka ved kartlegginga og er difor ikkje registrert. Fleirtalet av dei historielaga som svara, rapporterte at dei ikkje oppbevarte arkiv; dei andre hadde relativt små samlingar. På grunn av knappe ressursar var det ikkje mogleg å gjennomføre ein purrerunde eller å oppsøke einskilde historielag. Men basert på dei kartleggingsskjemaa som har kome inn frå historielaga, er det ingen grunn til å tru at data frå dei laga som ikkje har svara ville endre hovudfunna i kartlegginga.

Det vart totalt registrert 1968 hyllemeter arkiv, fordelt på 3222 arkivførekomstar i dei kartleggingsskjemaa som kom inn. (I tillegg vart det rapportert ca. 100 arkivførekomstar på til saman ca. 40 hyllemeter frå historielag som ikkje brukte skjemaet. Seinare har prosjektet kartlagt ca. 50 hyllemeter arkiv ved Møbelmuseet i Sykkylven. Desse arkivførekomstane er ikkje behandla i analysen nedanfor).

Kartlegginga syner at Romsdalsmuseet og IKAMR til saman oppbevarer nær 80 % av

privatarkivbestanden i fylket. Dei to andre regionmusea har relativt små samlingar. Det er elles verd å nemne Smøla lokalhistoriske arkiv som eit døme til etterfølging: her har ein gjennom grundig og godt arbeid samla inn og registrert 274 arkivførekomstar som inneheld ei brei dokumentasjon av lokalsamfunnet.

Av dei bevarte arkivførekomstane er i overkant av 48 % organisasjonsarkiv, og 3/5 av desse finst ved IKAMR. Dette er ikkje overraskande i og med at IKAMR husar Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal, har gjennomført eit innsamlingsprosjekt for sanitetsforeiningsarkiv i samarbeid med NKF, og i tillegg fått deponert arkivmateriale som lokale organisasjonsfolk har levert inn til kommunane. Også her er det verd å merkje seg Lokalhistorisk arkiv på Smøla, som har bevart 13 % av organisasjonsarkiva i fylket.

Den nest største gruppa er bedriftsarkiv, der 510 arkivførekomstar er bevart. Men om vi ser bort frå arkivførekomstane ved Romsdalsmuseet (som ikkje har oppgitt omfanget til desse) og dei fem største bevarte bedriftsarkiva (til saman ca. 250 hm), er gjennomsnittstorleiken til andre

Bevaringsstad	Arkiv, tal	Arkiv, hm	Institusjon	Arkiv, tal	Arkiv, hm
Haram kulturhistoriske lag	10	11,9	IKAMR	1195	767,3
Nordmøre historielag	33	20,5	Nordmørsmusea, Kristiansund	431	44,3
Nordmørsmusea, Smøla	5	38,6	Nordmørsmusea, Sunndal	12	22,9
Nordmørsmusea, Surnadal	3	12,8	Nordmørsmusea, Tingvoll	5	36,6
Romsdalsmuseet	877	790,0	Smøla lokalhistoriske arkiv	274	41,6
Sula kommune	64	3,3	Surnadal kommune	3	2,0
Sykkylven kommune	4	2,2	Viti	93	106,3
Ørsta kommune	88	16,6	Aasentunet	16	52,5

Tabell 1. Arkivbestand ved bevaringsstadane: tal på arkivførekomstar og hyllemeter totalt.¹

¹ Med unntak av Romsdalsmuseet er arkivbestandane summen av dei registrerte arkivførekomstane ved bevaringsstadane. Sjå elles neste fotnote.

294 bedriftsarkiv ca. 0,35 hm. Det må vere openbart majoriteten av desse berre er fragment av dei opphavlege arkiva. Det inneber ikkje at dei er utan verdi, men dei kan på ingen måte dokumentere alle sider ved aktiviteten til arkivskaparane.

Dei samlingane som er registrert er eit svært mangslungent materiale. Generelt er dette arkivmateriale som medvite er samla for å dokumentere noko spesielt, i motsetning til vanlege arkiv som er skapt som følgje av arkivskaparens verksemd og dermed


dokumenterer denne. Døme på samlingar er bygdebokarkiv, Romsdalsmuseets musikkksamling, Stortingsmannsarkivet (materiale om stortingsrepresentantar frå Møre og Romsdal samla ved Høgskulen i Volda) og personlege forskingsarkiv.

Fordelinga av arkivførekomstar frå dei ulike samfunnskategoriene er prega av det store talet organisasjonsarkiv, som utgjer storparten av dei største kategoriene i tabell 3. Status for dei einsskilte kategoriene blir kommentert i neste delkapittel.

Bevaringsstad	Bedrift		Organisasjon		Person		Institusjon		Samling	
	Arkiv	Hm	Arkiv	Hm	Arkiv	Hm	Arkiv	Hm	Arkiv	Hm
Haram kulturhistoriske lag	2	5,6	8	6,3	0	0	0	0	0	0
IKAMR	144	195,7	904	505	64	4,5	24	14,5	8	47,6
Nordmøre historielag	2	0,1	9	6,3	1	0,01	1	1,2	20	12,9
Nordmørsmusea, Kristiansund	64	20,0	25	2,7	56	0,8	31	1,0	228	19,8
Nordmørsmusea, Smøla	0	0	0	0	0	0	5	38,6	0	0
Nordmørsmusea, Sunndal	4	1,2	8	1,0	7	2,2	4	8,5	0	0
Nordmørsmusea, Surnadal	0	0	0	0	3	12,8	0	0	0	0
Nordmørsmusea, Tingvoll	2	34	1	0,6	0	0	0	0	2	2,0
Romsdalsmuseet	211	0	289	0	217	0	14	0	116	0
Smøla lokalhistoriske arkiv	45	13	204	52	4	0,4	0	0	20	1,9
Sula kommune	1	0,01	3	0,3	3	0,1	3	0,6	41	2,3
Surnadal kommune	0	0	3	2,0	0	0	0	0	0	0
Sykkylven kommune	0	0	3	1,2	1	1,0	0	0	0	0
Viti	25	34,0	30	28,4	17	14,0	6	10,3	12	19,6
Ørsta kommune	10	1,6	76	14,9	0	0	0	0	1	0,1
Aasentunet	0	0	3	5,2	6	25,0	2	0,7	5	21,6
Sum	510	305,21	1566	625,9	379	53,3	90	75,4	453	127,8

Tabell 2. Bevarte arkivførekomstar fordelt på arkivskapartype.¹

¹ Av praktiske årsaker kunne ikkje Romsdalsmuseet rapporterte hyllemetertal for dei einsskilte arkivførekomstane. Hyllemetersummen for dei einsskilte arkivskapartypene er såleis ikkje fullstendig.



Graf som viser prosentvis fordeling av bevarte arkivførekomstar i hyllemeter etter arkivskapartype. Grafen omfattar ikkje arkiva ved Romsdalsmuseet (sjå fotnote førre side).

Samfunnskategori	Arkivtal	Samfunnskategori	Arkivtal
Landbruk	84	Media og kommunikasjon	25
Fiske og fangst	124	Finansiering og forsikring	55
Bergverk	3	Bustad og lokalmiljø	50
Industri – næringsmiddel og drikkevarer	48	Utdanning og forskning	130
Industri – tekstil, klede og lærvarer	14	Helse og sosial	228
Industri – trelast, trevarer, papir og papirvarer	15	Kultur og kunst	254
Industri – ikkje-metallhaldige produkt	2	Tru og livssyn	161
Industri – elektriske, elektroniske og optiske produkt	3	Idrett og fritid	180
Industri – transportmiddel og maskinar	30	Arbeidslivsorganisasjonar	210
Industri – møbelproduksjon	8	Barne- og ungdomsorganisasjonar	200
Industri – annan industri	10	Frivillighet og legat	177
Kraft, vassforsyning og renovasjon	26	Mangfald og inkludering	10
Bygg og anlegg	18	Natur- og miljøvern	4
Varehandel	122	Politiske organisasjonar	142
Transport og lagring	51	Anna tenesteyting	37
Reiseliv, overnatting og servering	44		

Tabell 3. Registrerte arkivførekomstar fordelt på samfunnskategori.

Bevaringsstatus og dokumentasjonsmål

Generelt

Samfunnsutviklinga etter 1945 har først og fremst vore prega av modernisering, sentralisering og strukturrasjonalisering. Modernisering vil i denne samanhengen seie utvikling av teknologi, infrastruktur og – noko upresist uttrykt – endringar i mentalitet, mobilitet og levemåtar.

Ved inngangen til 1950-talet var fylket delt i 68 kommunar. Fleire av desse hadde ikkje elektrisk kraft. Vegnettet var dårleg utbygd, og båt- og busstilbodet var svært mangelfullt – t.d. hadde Smøla berre båtsamband med Kristiansund ein gong om dagen om sommaren og tre gonger i veka vinterstid.

Dei dårlege kommunikasjonane var ei av årsakene til at næringslivet hadde ein annan struktur enn i dag. Råvarer vart gjerne foredla lokalt og produksjonen var retta mot lokale kundar. Fylket hadde t.d. eit tital margarinfabrikkar som brukte lokalt produsert sildolje i produksjonen, og eit femtital bøkkarar og tønnefabrikkar sytte for tønner til salting av fisk. I dag er desse næringane historie, men nye næringar har kome i staden. Generelt har næringslivet vore prega av sentralisering, strukturrasjonalisering og globalisering. Små verksemder har blitt erstatta av større, produksjon har blitt flytta ut av fylket og i nokre tilfelle ut av landet, og eigarskapen til verksemder har gått frå å vere lokal til nasjonal og i nokre høve internasjonal. Dette kan i nokre høve gjere det vanskeleg å bevare arkivdokumentasjon frå slike verksemder.

Samstundes har talet på tilsette i tenesteytande næringar blitt større enn i

produksjonsnæringane. Offentleg sektor har hatt ein sterk vekst både når det gjeld tenesteyting og administrasjon, hovudsakleg på grunn av utviklinga av velferdsstaten, men òg fordi lovverket har skjerpa krava til saksbehandling og transparens i forvaltninga. Tendensen til konkurranseutsetjing og privatisering av offentlege oppgåver dei siste 30 åra har kanskje bremsa denne veksten, men har samstundes aktualisert problemstillingar knytt til bevaring av arkivdokumentasjon frå slike privatiserte oppgåver.

Nokre av dei velferdstenestene som vart offentlege som følge av velferdsstaten var tidlegare drivne av organisasjonar som t.d. sanitetsforeiningar og helselag. Noreg har sidan slutten av 1800-talet vore eit organisasjonssamfunn. Ulike organisasjonar har påverka samfunnsutviklinga, noko som gjer at organisasjonsarkiv kan innehalde viktig og unik samfunnsdokumentasjon. Dei siste tiåra har organisasjonslivet fått ein ny arena på Internett, kanskje i første rekkje Facebook. Nokre organisasjonar eksisterer berre der, og mange driv delar av sin interne og eksterne kommunikasjon på denne arenaen. Dette inneber særlege utfordringar for bevaring av dokumentasjonen.

Nokre private samfunnssektorar er rimeleg godt dokumenterte i offentlege arkiv, noko som inneber at dei kan prioriterast ned i bevaringsarbeidet. Dette er gjort greie for i drøftinga av dei einskilde sektorane.

Særlege utfordringar er knytt til bevaring av store bedriftsarkiv. Ingen av bevaringsinstitusjonane i fylket har i dag kapasitet til å ta i mot slike arkiv. Det må difor finnast løysingar på nasjonalt nivå.



Høysåter på Averøy. Dette er frå gardsbruket Eikrem. I bakgrunnen ser vi over til Eide i Hustadvika kommune. Fjellet sentralt på biletet er Galten. Fotograf: John Myren / Nordmørsmusea (KMb-1998-011.0619).

Landbruk

Gardsbruk

I 1949 var her ca. 21 000 gardsbruk i Møre og Romsdal. 82 % av desse var under 50 dekar, og dei mellom 10 og 50 dekar utgjorde nær halvparten av alle bruka. Berre 711 bruk hadde eit areal over 100 dekar. I 2020 er biletet eit heilt anna: Talet på gardsbruk er redusert til ca. 2 300. Berre 15 % av bruka er no under 50 dekar, mens talet på bruk over 100 dekar har auka til 1529. Desse endringane er på den eine sida uttrykk for strukturrasjonaliseringa i landbruket, men speglar samstundes store endringar i bruksmåtane frå kombinasjonsdrift til spesialisert drift. Jordbruket er rimeleg godt dokumentert i offentlege arkiv, i første

rekke etter landbrukskontora og dei tidlegare jordstyra. Det er difor ikkje grunn til å prioritere særskilte innsamlingstiltak for arkiv frå jordbruket, men gardsarkiv som dekkjer lange tidsspenn vil ha høg bevaringsverdi.

Gartneri

I 1949 fanst det ca. 110 gartneri i fylket. I dag er tala usikre: i følgje landbruksstatistikk frå 2020 finst det 11 landbruksverksemder med veksthus, mens Brønnøysundregistra gir 34 treff på gartneri, hagesenter og planteskolar. Reduksjonen har openbart samanheng med etableringa av kjedar som Plantasjen og Hageland, men truleg òg med den utviklinga frå små til større einingar i næringslivet generelt.

Pelsdyroppdrett

Dette er ei næring som vaks fram for ca. 100 år sidan, kulminerte i mellomkrigstida, og som i dag er nesten borte. I 1949 vart det registrert ca. 1 000 pelsdyrgardar i Møre og Romsdal. Dei fleste av desse var små og berre supplement til gardsdrifta, men ca. 140 oppdrettarar registrerte seg i DNNM&R, noko som kan tyde på drift av ein viss storleik. I 2015 var det berre eit tital att, og næringa skal avviklast i 2025. Brønnøysundregistra gir i dag ingen treff på pelsdyroppdrett.

Organisasjonar

Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget har hatt og har lokalavdelingar i fylket, likeins Bondekvinnelaget. Møre og Romsdal gartnerlag er fellesorganisasjon for denne næringa. Bevaring av organisasjonsarkiva er naudsynt for å dokumentere gardbrukarane sine haldningar til utviklinga av landbruket.

Bevaringsstatus

Det er bevart 84 landbruksarkiv ved bevaringsinstitusjonane i fylket. Majoriteten av desse er arkivfragment med omfang på under 5 cm. Ca. ein tredel er materiale frå interesseorganisasjonar og om lag like mange dokumenterer ulike lokale samarbeidstiltak, t.d. maskinlag, dyrealslag og mjølkelag. Det er registrert 11 gardsarkiv og eitt frå ein pelsdyrgard. Det er ikkje bevart arkiv frå gartneri.

Dokumentasjonsmål

Gardsbruk:

Ingen prioriterte dokumentasjonsobjekt i denne planperioden.

Gartneri:

Bevare arkiv frå eitt eller fleire gartneri som har vore i kontinuerleg drift sidan 1950-talet. Romsdalsmuseet har sett i gang eit dokumentasjonsprosjekt.

Pelsdyroppdrett:

Bevare fleire arkiv frå pelsdyrnæringa. Viti deltek i eit nasjonalt samarbeid om dokumentasjon av denne næringa.

Organisasjonar:

Bevare arkiva etter lokalavdelingane og fylkeslaga. IKAMR (som koordinator) tar kontakt med fylkesledda for å undersøkje interessa for bevaring.



Storsildfiske. Bilete frå Ålesund hamn eingong på 1950-talet. Ei mengd fiskebåtar ligg til hamn i det trange Ålesundet. Foto: Bjarne Skarbøvik / Sunnmørsposten / Viti.

Fiske og fangst

Fiskeri

Fiskeri har alltid vore ei hovudnæring i Møre og Romsdal. Overgangen til motorkraft i byrjinga av 1900-talet utvida fiske- og fangstområda til begge sider av Nord-Atlanteren og Arktis. Frå 1950 førte stadig større og meir avanserte fartøy til ei strukturrasjonalisering av fiskerinæringa; tonnasjen vart samla på færre hender. Frå 1960 til 2019 vart talet på merkeregistrerte fartøy i fylket redusert frå 5 328 til 603. Kommunane med flest registrerte fartøy i 2019 var Herøy (84), Smøla (62) og Averøy (61). Fiskeri og fangstar er godt dokumentert i offentlege arkiv.

Selfangst

Frå starten av 1900-talet vart selfangst i Arktis ei viktig næring, særleg på Sunnmøre.

Etter ein topp under 1. verdskrigen minka talet på fartøy og næringa vart konsentrert til nokre få bygder, særleg Brandal. Næringa vart ei symbolsak då motstanden mot selfangst vaks fram frå 1970-talet. Denne næringa er svært godt dokumentert ved Ishavsmuseet Aarvak i Brandal.

Kvalfangst

I Møre og Romsdal vart i 1924 det gitt ut konsesjonar for vågekvalfangst og det vart etablert kvalstasjonar på Aukra og Harøya. Det var tre fartøy i fylket med løyve til vågekvalfangst i 2022: MS Fiskebank (Smøla), MS Kato (Ålesund/Sandøy) og MS Moholmen (Herøy).

Oppdrett

Oppdrettsnæringa vart etablert på 1970-talet. Dei første tiåra var konsesjonsvilkåra slik at

lokale aktørar eigde og dreiv oppdrettsanlegga, men i 1991 vart regelverket i konsesjonslova endra slik at ei verksemd kunne ha fleire konsesjonar. Dette har ført til at eigarskapen no har blitt konsentrert hos nokre få store aktørar som dominerer næringa. Av 191 verksemder knytt til oppdrett i Møre av Romsdal er det berre nokre få som framleis er eigd av lokale aktørar.

Fiskemottak

Det var registrert meir enn 300 sild- og fiskehandlarar i DNNM&R, og det finst framleis over 100 verksemder i bransjen. Eit problem ved registreringa i Brønnøysundregistra er at mange av desse òg driv fiskeforedling utan at dette går fram av registreringane. Bransjen blir difor registrert under produksjon av næringsmiddel og drikkevarer.

Organisasjonar

Fiskarlaget har hatt og har framleis ei rekkje lokallag i fylket.

Bevaringsstatus

Det er bevart 124 arkiv som gjeld fiske og fangst i kartlegginga. Dei fleste er arkivfragment, men det er òg bevart nokre omfattande arkiv med stor dokumentasjonsverdi, t.d. frå Unidos AS og Sunnmøre og Romsdal fiskesalslag. Fleirtalet av dei bevarte arkiva er frå reiarlag eller verksemder med tilknytning til fiskeri og omsetning av fisk, men det er òg bevart nokre arkiv frå interesseorganisasjonar. Ein handfull av arkiva dokumenterer kvalfangst. Arkiv etter kvalstasjonen på Harøya er òg oppbevart ved kvalfangstmuséet i Sandefjord. Selfangstnæringa er svært godt dokumentert ved Ishavsmuseet Aarvak i Brandal. Det er ikkje bevart arkiv frå oppdrettsnæringa. Det er registrert 30 arkiv etter fiskarlag.

Dokumentasjonsmål

Fiskeri: Det er ikkje grunn til å prioritere generelle innsamlingstiltak i denne planperioden, men arkiv etter reiarlag/einskildfartøy som dekkjer lengre tidsrom er bevaringsverdige.

Selfangst: Det trengst neppe fleire dokumentasjonstiltak på dette feltet.

Kvalfangst: IKAMR (som koordinator) bør kontakte dei tre aktive kvalfangstreiarlaga for å undersøkje interessa for bevaring av arkiva.

Oppdrett: Å bevare arkiv som syner utviklinga i næringa frå 1970-talet.

Organisasjonar: Bevare arkiva etter lokalavdelingar og fylkesledd. IKAMR (som koordinator) tar kontakt og undersøker interessa for samarbeid.



Rausand Gruver i 1963. Foto: Widerøe / Romsdalsmuseets fotoarkiv (117693).

Bergverk

Gruveindustrien i Møre og Romsdal har omfatta Rødsand gruber (1910-1987), olivinproduksjon på Åheim og uttak av marmor og kalkstein fleire stader i fylket. I 1950 var det 10 kalk- og marmorbrot i fylket, og fem av desse er framleis i drift. Hustadmarmor er no ein del av det internasjonale Omya-konsernet. I dag driv det belgiske selskapet Sibelco Nordic olivinproduksjonen på Åheim.


I 1950 var meir enn 50 steinhoggeri i Møre og Romsdal. Om lag halvparten av desse låg i Eide. I dag er det ca. 25 verksemdar att, og fleire av desse var òg i drift i 1950.

Bevaringsstatus

Det er berre bevart tre arkivfragment frå bergverkssektoren. Det finst dessutan arkiv ved Rausand gruvemuseum.

Dokumentasjonsmål

Det må vere eit mål å sikre dokumentasjon frå bergverksverksemda i fylket. Romsdalsmuseet har kontakta Rausand gruvemuseum for å undersøke om der finst arkiv og drøfte tiltak som kan sikre dokumentasjonen for ettertida. Nordmørsmusea bør setje i verk tiltak for å samle inn arkiv etter steinhoggarverksemda i Eide.



Harøysundet Sildoljefabrikk mellom Bud og Tornes i Romsdal. Foto: Ukjend fotograf / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.Fot.26899).

Industri

Næringsmiddel og drikkevarer

Næringsmiddelindustrien i fylket har generelt vore nært knytt til primærnæringane. I 1950 var her eit tjuetal meieri, 40 møllebruk og rundt 50 slakteri og slaktarar. I dag driv Tine meieri i Ørsta, Ålesund, Elnesvågen og Tresfjord. Det finst òg nokre lokale osteproducentar, som t.d. Tingvollst. Nortura har avvikla slakteriverksemda i fylket, men det finst nokre lokale slakteri og produsentar av spekemat. I tillegg er her fleire enkeltpersonføretak som produserer gardsmat.

Pizza Grandiosa har vore produsert i Stranda sidan 1980 (først av Nora industrier, no av Stabburet), og er eit godt døme på ei pionerverksemd som har vore med på endre matvanane til folk. Stranda spekemat vart etablert i 1973 (no ein del av Grilstad-konsernet) og har òg blitt ei kjent merkevare.

Den fiskeribaserte industrien omfatta i 1950 14 sildolje- og/eller fiskemjølfabrikkar, 12 margarinfabrikkar,

Bevaringsstatus

Næringsmiddel og drikkevarer:

Det er bevart arkiv etter 48 næringsmiddelverksemdar. 22 av desse er lokale meieri. Materialet er svært fragmentarisk.

Dokumentasjonsmål

Næringsmiddel og drikkevarer:

Det må vere eit mål å bevare fleire arkiv frå sektoren. Privatarkivnetteverket bør undersøkje om det framleis finst materiale frå sildolje-, margarin- og hermetikkindustrien. Netteverket bør òg vurdere eit prosjekt for å utvikle prosedyrar for korleis ein kan bevare arkiv frå næringsmiddelverksemdar som er i drift.

meir enn 20 hermetikkfabrikkar og ca. 20 klippfiskprodusentar. I dag er det ingen sildolje- eller margarinfabrikkar att. Lofotprodukt AS har produksjon ved hermetikkfabrikken i Gjerdsvika.

Mange av fiskemottaka dreiv produksjon av salt-, klipp- eller tørrfisk, noko som òg er tilfelle i dag. Det er registrert 16 klippfiskprodusentar. I tillegg har det kome til verksemdar som driv slakting og bearbeiding av oppdrettslaks.

I 1950 fanst det eit tjuetal saft- og brusfabrikkar i fylket. I dag er her tre verksemdar: Oskar Sylte, Brønne saft og Eirewater i Eresfjord. Fire mikrobryggeri er i verksemd i fylket: Trollbryggeriet (Liabygda), Geiranger bryggeri, Kaab bryggeri (Langevåg) og Baatbryggeriet (Vestnes).

Tekstil, klede og lærvarer

I 1950 fanst det ca. 200 verksemdar i fylket som dreiv produksjon av tekstilar og klede, frå store fabrikkar som Devold (750 tilsette og svært



Stoffprøvebok (1910–1930) frå arkivet etter Tingvoll Ullvarefabrikk, IKAMR / P-00482. Vekt: 9 kilo.

Foto: Piotr Cabaj, SEDAK / IKAMR.

variert produksjon) og Tingvoll ullvarefabrikk (170 tilsette), via mellomstore verksemdar som skjortefabrikken Alvo (75 tilsette) til små konfeksjonsverkstader med eit par tilsette. I dag er denne produksjonen i praksis borte. Rauma ullvarefabrikk er truleg den einaste som framleis produserer tekstilvarer i fylket. I 1950 var her òg 14 lærvarefabrikkar, 17 skofabrikkar og 11 garveri. Ingen av desse er i verksemd i dag.

Trelast, trevarer, papir og papirvarer

I 1950 fanst det meir enn 150 sagbruk og trevarefabrikkar i fylket. I dag er det under ti att, dei fleste lokalisert på Nordmøre. Likeins med bøkkarar og tønnefabrikkar: frå 60 verksemdar i 1950 til ingen i dag. Det fanst 37 trykkeri og bokbinderi i fylket i 1950. I dag er det like mange, men produksjonsmåten og produkta er endra pga. den teknologiske utviklinga.

Kjemikalie og kjemiske produkt, gummi og plastprodukt

Det vart registrert tre målingfabrikkar i fylket i 1950, og her er to i dag, begge etablert etter 1980: Gjøco i Torvikbygd og Møretyri i Vågland. Det fanst ingen plastproduksjon i

Bevaringsstatus

Tekstil, klede og lærvarer:

Det er bevart arkiv etter 14 tekstilverksemdar ved institusjonane. Eitt av desse, arkivet etter Tingvoll ullvarefabrikk, er bevart som heilskap. Dokumentasjonen etter dei fleste andre verksemdene er fragmentarisk.

Trelast, trevarer, papir og papirvarer:

I kartlegginga er det registrert arkiv etter fire sagbruk, to trelastforretningar, ein tønnefabrikk, seks trykkeri og to bransjeforeiningar. Med unntak av fire trykkeriarkiv er dokumentasjonen fragmentarisk.

Kjemikalie og kjemiske produkt, gummi og plastprodukt

Det er ikkje bevart arkiv frå desse bransjane i Møre og Romsdal.

Dokumentasjonsmål

Tekstil, klede og lærvarer:

Privatarkivnettverket bør undersøkje om det finst materiale frå dei nedlagde verksemdene.

Trelast, trevarer, papir og papirvarer:

Innsamling av arkiv frå desse bransjane er ikkje prioritert i denne planperioden.

Kjemikalie og kjemiske produkt, gummi og plastprodukt:

Det er ikkje prioritert tiltak i denne planperioden, men privatarkivnettverket må på noko sikt drøfte ein strategi for bevaring av arkiv frå denne og andre bransjar der det ikkje er bevart arkiv.

1950, men i dag er det eit femtital verksemdar som produserer ulike plastvariantar frå basisplast, via halvfabrikata til ymse ferdige produkt. Størst er Brødrene Sunde og Vartdal plastindustri, begge med rundt 200 tilsette.

Metall og metallvarer

Hydro aluminium på Sunndalsøra (tidlegare Årdal og Sunndal verk) vart etablert i 1951 og produksjonen kom i gang tre år seinare. I dag er fabrikkjen den største aluminiumsfabrikkjen i Europa, med ca. 700 tilsette. I 1950 var her åtte metallstøyper i fylket, dei fleste i tilknytning til skipsverft/mekaniske verkstader. I dag er det to: Oshaug metall i Molde og Vestad metallstøperi på Bud. DNNM&R har registrert rundt hundre sveiseverkstader og smier. I dag ser det ut til vere minst like mange verksemdar som produserer komponentar og delar av metall til ulike formål.

Ikkje-metallhaldige produkt

Denne gruppa omfattar produksjon av t.d. glas, keramiske produkt, betong, o.l. I 1950 var det om lag 30 betongstøyper i fylket, og eitt teglverk. I dag er her framleis eit trettital støyper, mens teglverket på Åndalsnes er lagt ned.

Elektriske, elektroniske og optiske produkt

Det er ført opp fire produsentar av elektriske produkt i DNNM&R, og av desse var Grepa og Mjelva i Ørsta og Møre transformatorfabrikk i Sykkylven dei største. Produksjonen ved Grepa og Mjelva stogga i 2008. Møre trafo er framleis i drift med 170 tilsette.

Foto frå arkivet etter Storvik Mekaniske Verksted, Kristiansund. År 1908 står det på bilda. IKAMR / P-01114. Foto: Åsta Vadset / IKAMR.

Bevaringsstatus

Metall og metallvarer:

Det er ikkje bevart arkiv frå denne sektoren i fylket.

Ikkje-metallhaldige produkt:

Det er bevart arkiv frå to betongstøyper, elles manglar det dokumentasjon frå desse bransjane.


Dokumentasjonsmål

Metall og metallvarer:

Det er ikkje prioritert tiltak i denne planperioden, men privatarkivnettverket må på noko sikt drøfte ein strategi for bevaring av arkiv frå denne og andre bransjar der det ikkje er bevart arkiv.

Ikkje-metallhaldige produkt:

Det er ikkje prioritert tiltak i denne planperioden, men privatarkivnettverket må på noko sikt drøfte ein strategi for bevaring av arkiv frå denne og andre bransjar der det ikkje er bevart arkiv.





Skipsdåp ved Bolsønes Verft på Fuglset i Molde. Her ser vi taubåten «Titan» bli døypt framfor eit stort publikum på slutten av 1950-tallet. Foto: Birkeland / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.Fot.86661).

Transportmiddel og maskinar

Båtbygging, skipsverft, mekaniske verkstader og motorfabrikkar har vore ein stor næringsveg i Møre og Romsdal. Klassifiseringa i DNNM&R gjer det vanskeleg å skilje mellom dei ulike verksemdstypane, men i 1950 var her til saman nær slike 300 verksemdar: meir enn 100 båtbyggjeri/båtbyggjarar i kjerneområda Bjørkedal/Steinshamn og Vestnes, og ca. 180 mekaniske verkstader og motor- og maskinfabrikkar. Ein nærare analyse av desse gruppene er nødvendig. Finnøy gir og propeller er ei vidareføring av Finnøy motorfabrikk som var ei pionerverksemd og starta produksjonen så tidleg som i 1902.

Møbelproduksjon

I 1950 fanst det meir enn 220 møbelprodusentar i fylket, i nær sagt alle kommunar. Kjerneområdet var Sykkylven/Stranda, som òg hadde dei største verksemdene. I dag er det eit tjuetal fabrikkar i verksemd.

Bevaringsstatus

Elektriske, elektroniske og optiske produkt:

Det er bevart arkiv frå to verksemdar, ein radiofabrikk og ein datamaskinprodusent. I tillegg har Ørsta kommune sikra arkiv etter Grepa Mjelva.

Transportmiddel og maskinar:

Det er bevart arkiv etter 30 verksemdar, hovudsakleg frå skipsverft/båtbyggjarar og motorfabrikkar. Ein handfull av desse – særleg etter byverfta – er relativt store. Arkiva etter A. M. Liaen og Aalesunds mekaniske verkstad er ordna og katalogert, men oppbevart privat fordi det ikkje finst ressursar til å betale kostnadene for permanent sikring i arkivdepot.

Dokumentasjonsmål

Elektriske, elektroniske og optiske produkt:

Arkivet etter Grepa Mjelva må overførast til ein bevaringsinstitusjon.

Transportmiddel og maskinar:

Den største utfordringane ved å bevare arkiv frå skipsbygging er at arkiva er store og kompliserte, og at dei ofte inneheld store mengder skips- og detaljteikningar. Visse typar teikningar kan vere etterspurde av skipsfartsinteresserte og modellbåtbyggjarar, mens andre ikkje blir brukt. Det er behov for ei samla vurdering av skipsverftsarkiv som kan vere aktuelle bevaring, m.a. med tanke på kassasjon av arkivdelar med låg dokumentasjonsverdi.



Bilete frå Berserk fabrikk A/S på Kirklandet i Kristiansund. Frå 1951–1960. Fotograf: Nils Williams / Nordmørsmusea (KMb-2008-053.0174a_08).

Annan industri

I denne gruppa var fiskereiskapsfabrikkar den største bransjen i 1950, med eit trettital fabrikkar som produserte ymse fiskereiskapar, mest i Ålesund og på Sunnmøre. I dag ser det ut som om Mørenot er den einaste verksemda som er att, men det finst ein del leverandørar til oppdrettsnæringa som funksjonelt kan plasserast her. Andre verksemder i gruppa er to orgelfabrikkar, ein handfull karosserifabrikkar, seks trerørfabrikkar, eit par treskofabrikkar, ein barnevognfabrikk, fire sykkelfabrikkar, to knappfabrikkar, ein kleklypefabrikk, ein klehengarfabrikk, ein hesteselefabrikk, ein såpefabrikk og to reperbanar. I dag ser det ut til å vere ei verksemd som driv med karosseriproduksjon.

Bevaringsstatus

Møbelproduksjon:

Det er bevart arkiv frå sju møbelprodusentar, men alle desse er fragment. I tillegg finst det arkiv etter ei bransjeforeining. I tillegg har prosjektet kartlagt ca. 50 hyllemeter arkiv ved Møbelmuseet i Sykkylven.

Annan industri:

Det er bevart arkiv etter ti verksemder i denne gruppa, m.a. to reperbanearkiv, ein fiskevegnfabrikk og ein tarefabrikk. Elles er dokumentasjonen fragmentarisk.

Dokumentasjonsmål

Møbelproduksjon:

Arkivsamlinga ved Møbelmuseet må registrerast og ordnast. IKAMR (som koordinator) og Viti bør samarbeide om ein prosjektsøknad til Arkivverket for dette formålet.

Annan industri:

Nettverket bør ta kontakt med Hildre fiskevegnfabrikk / Mørenot for å undersøkje interessa for bevaring.



Linjemontering av montør tilsett ved kraftlinjeutbyggingsfirmaet Linjebygg i Molde.

Foto: Romsdals Budstikke / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.RB.09383_16).

Kraft, vassforsyning og renovasjon

Kraftforsyninga var rundt 1950 framleis under utbygging. Kraftverka var kommunale eller interkommunale, og distribusjonen gjekk gjennom kommunale kraftlag. Etter at energilova i 1991 gjorde elektrisk kraft til ei vare på ein fri kraftmarknad, har produksjonsselskapa blitt omgjorde til aksjeselskap og fleire av dei kommunale distributørane har blitt kjøpt opp av produksjonsselskapa. Lova opna dessutan for privat distribusjon av kraft, noko som har ført til etablering av ei rekkje slike selskap. Energilova opna òg for etablering av småkraftverk i privat eige, og i fylket har det kome i drift fleire tital slike verk dei siste 25 åra. Mange av desse har blitt kjøpt opp av Småkraft AS som no hovudsakleg har utanlandske eigarar.

Vindkraftutbygginga starta med Sandøy (1999) eigd av Sandøy energi (med Ålesund kommune som største aksjeeigar). Seinare utbyggingar er Smøla (2001, Statskraft) og Haram (2020, Haram vindkraft, no med utanlandske eigarar).

Offentleg vassforsyning var før bygningslova

Bevaringsstatus

Det er bevart arkivfragment frå 26 verksemder i denne gruppa, hovudsakleg lokale kraftlag og vassverk. I tillegg er arkiv frå Tafjord kraft for tida (2023) til ordning hos IKAMR.

Dokumentasjonsmål

Sidan det meste av vass- og avløpsverksemda er kommunal, blir ikkje dette området prioritert framover. Når det gjeld elforsyning er dei aktuelle arkiva truleg av ein slik storleik at institusjonane i nettverket neppe kan ta dei inn til bevaring.

av 1965 trådde i kraft, utbygd berre i byane og tettstader som var bygningskommunar. Bygningskommunane var òg pålagde å ha ei renovasjonsordning. Etter at bygningslova trådde i kraft, har alle kommunar etter kvart fått ordningar for vassforsyning og renovasjon. Det finst likevel private vassverk fleire stader. I løpet av dei siste 30 åra har det òg kome til private renovasjonsverksemder.

Bygg og anlegg

Bygg- og anlegg er etter plan- og bygningslovgivinga rimeleg godt dokumentert i offentlege arkiv, og det vert difor ikkje sett opp generelle dokumentasjonsmål i denne bevaringsplanen. Unntaket er arkiv etter verksemder i bransjen og byggjekomitear for einskilde bygg.

Bevaringsstatus

Det er bevart arkiv etter 18 ulike verksemder eller veganlegg. Fleirtalet er fragmentariske.

Dokumentasjonsmål

Dette feltet blir ikkje prioritert i denne planperioden.



Butikkinteriørbilete frå Storgatens kolonial i Molde. Det var den første sjølvbetente kolonialforretninga. Fotografiet er tatt i 1963. Foto: Birkeland / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.Fot.06872).

Varehandel

I 1950 var der ca. 840 «assorterte landhandlar» utanfor byane, 38 fiskematforretningar, eit tjuetal frukt- og tobakksforretningar, eit førtitals kjøtforretningar og eit hundretal bakeri. I byane var det 59 kolonialforretningar i Ålesund, 46 i Kristiansund og 21 i Molde; fiskemat 10, 11 og 4; frukt- og tobakk: 58, 46 og 12, slaktarforretningar: 19, 12 og 4, og bakeri: 21, 16 og 5. I dag gir brønnpøysundsregistra 412 treff på «dagligvarer», men dette omfattar òg spesialbutikkar og produksjonsverksemdar, så det verkelege talet er langt lågare. I alle høve er bransjen no heilt dominert av daglegvarekjedene. Spesialforretningane som selde fisk og sjølvprodusert fiskemat har nesten forsvunne. Av slaktarforretningar finst det nokre få. Eit femtital bakeri er i drift, og her ser det ut til å ha vore ein auke dei siste åra.

Det finst framleis ein handfull «reine» tobakksforretningar, men dei gamle kioskane er no erstatta av verksemdar som sel snop og gatemat, t.d. Mix-kjeda.

Noko eksakt tal for klesforretningar i 1950 er det vanskeleg å kome fram til sidan

Bevaringsstatus

Det er bevart arkiv etter 122 verksemdar eller organisasjonar i varehandelen. Det store fleirtalet er handelslag og kolonialforretningar, men der er òg døme på handelsverksemdar som t.d. drogeri, bok- og papir, og optikk og engroshandel. Dei fleste arkiva er fragmentariske. Bransjar som bilforretningar og elektriske forretningar er ikkje representert i arkivbestanden, noko som på sikt må rettast opp.

Dokumentasjonsmål

Ingen prioriterte tiltak i denne planperioden.

desse er (dels overlappande) registrert som damekonfeksjon-, herreekviperings-, konfeksjon-, manufaktur- og mote- og trikotasjeforretningar. Der var mellom 20 og 40 forretningar i kvar by, på bygdene til saman eit hundretal. I bygdene var det dessutan like mange skreddarar, mot om lag ti i kvar by.

Når det gjeld skoforretningar hadde Ålesund 12, Kristiansund ni og Molde åtte. I bygdene var der ca. 40 til saman. I tillegg var der om lag like mange skomakarar som skoforretningar i byane, og dobbelt så mange på bygdene.

Mens alle klede- og skoforretningane i 1950 var frie, har kjedene i dag blitt heilt dominerande. Det finst framleis eit tjuetal uavhengige forretningar, og fleire av desse var òg i drift i 1950.

Det var 23 parfymeri i fylket i 1950, av desse låg ti i Ålesund, seks i Kristiansund og fire i Molde. Ingen av desse er aktive i dag. Det er no registrert 63 slike verksemdar.

Der var eit par hundretal elektriske forretningar i fylket i 1950, i dei fleste kommunane. Ein stor del av desse var elektriske installatørar

som dreiv litt sal ved sida av. I dag er bransjen dominert av kjedene Elkjøp og Power som til saman har 18 utsal, men det finst framleis nokre få uavhengige verksemder i tillegg til ein handfull nisjebutikkar.

Det var i 1950 ein handfull bokhandlar i kvar av byane og eit trettital på bygdene. Dei fleste

er overtatt av forlaga i dag. Aarflot i Ålesund driv framleis som papirhandel.

I 1950 var det eit tital bilforretningar i kvar av byane. I dag er talet langt høgare, men søkefunksjonane i Brønnøysundregistra gjer det vanskeleg å få noko eksakt oversyn.

Transport og lagring

I 1950 fanst det eit sektistal lokale verksemder som dreiv båt-, ferje- og/eller buss- og godsruiter i fylket. Dei fleste av desse var private aksjeselskap. I løpet av 60-talet vart dei fleste båt- og ferjekonsesjonane overført til Møre og Romsdal fylkesbåtar (MRF). I 2002 vart Fjord1 MRF etablert som ein del av Fjord1-konsernet.

På 1990-talet kjøpte MRF opp fleire busselskap: Mørebil, Stranda og Sykkylven billag, Storfjord billag og Sørøy-buss, og fusjonert til Mørebil. Etterfølgjaren Fjord1-buss Møre vart oppretta i 2005 og seld til Nettbuss i 2013, då anbuds-systemet for busstransport trådde i kraft. I tillegg til Fjord1-buss Møre hadde fleire lokale selskap konsesjon, t.d. Sula rutelag A/S (etablert 1909 med båtruter, bussruter 1938 – 2013, og godstransport frå 1938 –), Eide auto (til 2016) og Veøy billag.

Bilskyss med lastebil og passasjerar. Sjøføren er Einar Olsen Soleim som køyrer rutebilen mellom Sunndalsøra og Oppdal. Dette skal være den første bilen i Sunndal. Biletet er datert til 1913. Ukjend fotograf / Nordmørsmusea (KMb-2007-007.0036).

Bevaringsstatus

Det er bevart arkiv frå 51 verksemder i denne sektoren. Med ein handfull unntak er materialet fragmentarisk.

Dokumentasjonsmål

Det må vere ei prioritert oppgåve å bevare arkiv frå samferdslesektoren. Nettverket må ta kontakt med verksemdene i fylket for å undersøkje kva som finst av finst av arkiv som dokumenterer utviklinga frå 1950-talet til i dag og om der er interesse for bevaringstiltak.





Gjester på Kaffistova i Molde rundt 1910. Kaffistova var drive av Romsdals Ungdomssamlag i Molde. Foto: Ukjend fotograf / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.Fot.100615).

Bevaringsstatus

Det er registrert arkiv etter 44 verksemder: særleg kafear, hotell, skysstasjonar og reiselivslag. Mykje synest å vere fragment.

Dokumentasjonsmål

Å sikre dokumentasjon frå reiselivet må vere ei prioritert oppgåve. Nettverket bør ta kontakt med reiselivsorganisasjonane for å få på plass eit samarbeid.


Reiseliv, overnatting og servering

Ved starten av 1900-talet var brukarane av overnattingsverksemder i all hovudsak folk som var på reise innanlands. Nokre få turisthotell var etablert på dei viktigaste turiststadane. Ut over hundreåret skulle dette endre seg; betre kommunikasjonar reduserte behovet for overnatting for folk som reiste innanlands, medan turistane vart ei sterkt aukande brukargruppe. I tillegg vart konferansemarknaden ei ny inntektskjelde for fleire hotell.

I 1950 fanst det ca. 160 overnattingsverksemder i fylket. 130 av desse låg utanfor byane, og fleirtalet av verksemdene ser ut til å ha vore mindre pensjonat og hospits, men det fanst òg fleire større hotell på dei viktigaste turiststadane og eit trettital turisthytter i tilknytning til fjellheimen. I dag gir søket «Møre og Romsdal» på Hotels.com 496 treff, noko som omfattar alle tilbod om overnatting frå leige av feriehus til vanlege hotell. Treffa viser òg at turistnæringa har skapt tilbod som knapt eksisterte tidlegare, t.d. verksemder som kombinerer overnatting med ulike aktivitetar (såkalla «opplevingsferie»), ofte som ei

vidareføring av campingturismen som vaks fram frå slutten av 1950-talet.

I 1950 var der 40 kaféar, konditori og restaurantar i Ålesund, 13 i Kristiansund og ti i Molde. Utanfor byane var der 49 slike verksemder. I dag gir gule sider oversyn over 384 serveringsstader. Eit stort fleirtal av desse er verksemdstypar som ikkje eksisterte for 50 år sidan: pizzarestaurantar, pubar og barar, kaffisjapper, snøggmatstader og ymse etniske restaurantar. Av dei tradisjonelle kaféane er det ikkje mange att. Denne utviklinga har fleire årsaker, men liberaliseringa av skjenkepolitikken frå 1980-åra og kulturell globalisering (som òg omfatta matkultur og sosiale omgangsformer) er kanskje to av dei viktigaste.



Bilete av to menn i trykkeriet til Sunnmørsposten ein gong på 1930-talet, som sit og jobbar ved ein settemaskin. Foto: J. Sponland / Viti.

Media og kommunikasjon

I 1950 hadde kvar av byane i fylket tre aviser. Møre dagblad (H, 1927–1955; Romsdals Amtstidende 1837–1926), Romsdalsposten (V, 1876–1986; Nordmørsposten 1987–1990) og Tidens krav (Ap, 1906–) kom ut i Kristiansund. I Molde hadde dei Fylket (Senterpartiet, 1927–2000), Romsdals folkeblad (Ap, 1928–1987) og Romsdals budstikke (V, 1843–). Aalesunds avis (H, 1917–1958), Sunnmøre arbeideravis (Ap, 1931–1985; Møre Socialdemokrat 1921–1931) og Sunnmørsposten (V, 1882–). Utanfor byane fanst Aura avis (Sunndalsøra, 1947–), Møre (Volda, 1902–), Møre-nytt (Ørsta, 1935–), Nordmøringen (Sunndalsøra, 1914–1959), Sunnmøringen (Stranda, 1946–2020), Sulaposten (1946–), Sykkylvsbladet (1946–2020), Vestlandsnytt

(Fosnavåg, 1935–), Vikebladet (Ulsteinvik, 1929–) og Åndalsnes avis (1926–). I tillegg fanst det ein handfull publikasjonar som vart gitt ut av kristne organisasjonar.

Etter 1950 har det blitt skipa fleire lokalaviser: Synste Møre (Fiskå, 1970), Driva (Sunndalsøra, 1971), Nordre (Brattvåg, 1971), Vestposten (Hareid, 1971–1989, kjøpt opp av Vikebladet), Bygdebladet (Ørskog, 1972), Indre Nordmør (Surnadal 1979–1991), Storfjordnytt (1979–), Øyavis (Midsund 1983–2016), Øy-blikk (Valderøy, 1985–), Nordvestnytt (Smøla 1988–2019), Vestnesavisa (1990), Nyss (Stranda, samanslåing av Sykkylvsbladet og Sunnmøringen 2021). I tillegg har det kome ut nokre gratisaviser: Nytt i uka (Ålesund, 1985–), Avis Romsdal (Molde 2006–2014), Regionavisa (Ørsta ? – 2017), Nordmørsavisa (Kristiansund 2011–2013).

Avisutgåvene skal vere bevart i Nasjonalbiblioteket etter pliktavleveringslova, men det finst truleg (særleg eldre) aviser som ikkje er avleverte. Dei administrative arkiva dokumenterer avisdrifta og har òg historisk verdi.

Det er i dag eit trettital forlag i fylket. Dei fleste er enkeltpersonføretak med få utgivingar. Det største er Sjøblom forlag (etablert 1994) som særleg gir ut faktabøker for barn og ungdom. Det nest største ser ut til å vere Ura forlag, som hovudsakleg gir ut lyrikk. Det har ikkje vore mogleg å få oversyn over tidlegare forlag i fylket. Alle bøker som vert gitt ut skal pliktavleverast til Nasjonalbiblioteket.

Det er i dag 11 nærradioar som har konsesjon i Møre og Romsdal. To lokalfjernsynskanalar har konsesjon: TV Sunnmøre og TV Nordvest. Fjernsynsstasjonane er omfatta av pliktavleveringslova slik at fem vekesendingar i året skal avleverast til Nasjonalbiblioteket.

Bevaringsstatus

Det er bevart eit arkiv frå ei lokalavis og fragment frå eit tital andre. Vidare finst det (hovudsakleg fragmentarisk) dokumentasjon frå 11 telefonsamlag og telegrafstasjonar, og eit par lokalradiostasjonar.

Dokumentasjonsmål

Nettverket bør ta kontakt med dei eldste lokalavisene og undersøkje interessa for samarbeid for bevaring.



Banklokala og kundane til Romsdal Fellesbank i Molde i 1967. Foto: Birkeland / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.Fot.97271).

Bevaringsstatus

Det er bevart arkivfragment etter 55 verksemdar, særleg brann- og husdyrforsikring. Det finst òg dokumentasjon etter seks lokale bankar.

Dokumentasjonsmål

SNettverket bør undersøkje kva som finst av arkiv frå fusjonerte bankar og forsikringsselskap og om eigarane har interesse av deponering av slike arkiv.

Finansiering og forsikring

Bankvesenet slik vi kjenner det, oppstod lokalt på 1800-talet. Frå midten av 1800-talet var det etablert sparebankar i alle kommunar. I 1950 var 64 sparebankar i fylket. I dag har alle, med unntak av Sunndal sparebank (1863) og Ørskog sparebank (1856), gått inn i større einingar som t.d. Sparebank1. Det vart òg etablert fleire forretningsbankar på 1800- og tidleg på 1900-talet, men fleire av desse overlevde ikkje dei økonomiske krisene på 1920- og 30-talet. Andre vart fusjonert med dei større bankane i byane. I 1950 vart desse att: Aalesund og Møre privatbank, Sunnmøre kredittbank, Kristiansund og Nordmøre forretningsbank og Romsdals fellesbank. I dag har alle desse fusjonert med nasjonale bankar.

Lokale brann- og fartøytrygdslag vart òg

skipa frå slutten av 1800-talet. I 1950 fanst det i tillegg til tre skipsassuranseselskap i Ålesund, 29 trygdslag på bygdene, m.a. Bud og Hustad assuranseforretning for fiskefartøyer (i dag Bud og Hustad forsikring) og Veøy branntrygdslag (i dag Varig forsikring). Med dei nemnde unntaka er selskapa fusjonert inn i større einingar.

Frå 1800-talet vart det òg skipa lokale husdyrtrygdslag, likeeins gravferdskasser – «dødelader» – i mange yrkesorganisasjonar. Desse funksjonane er i dag overtatt av forsikringsselskap eller offentlege tenester.

Ved både bank- og forsikringsfusjonar er det rimeleg å tru at arkiv frå dei nedlagde einingane vart tatt vare på av den overtakande verksemda, som hadde behov for dokumentasjon av m.a. aktive og tidlegare kundeforhold, avtalar og liknande.



Tautrekkingskonkurransen på Kvam skole på Bjørset i Molde 17. mai 1964. Foto: Jon Bjordal / Romsdalsmuseets fotoarkiv.

Bustad og lokalmiljø

Dei private aktørane på dette feltet er i første rekkje bustadsamvirket, grendalag og velforeiningar.

I Møre og Romsdal vart bustadbyggjelaga etablert etter 2. verdskrigen. Ålesund boligbyggelag vart skipa i 1945. I 2015 vart laget fusjonert med OBOS, og forvalta då 2600 bustader i 82 burettslag, sameige o.a. Molde og omegn boligbyggelag (no Møre og Romsdal boligbyggelag, MOBO) vart skipa i 1946, og forvaltar 3100 bustader i 82 burettslag o.a. Brattvåg bustadbyggjelag fusjonerte med MOBO i 2002. Kristiansund boligbyggelag vart starta i 1946 og forvaltar 1900 bustader i 96 burettslag o.a. Sunndal boligbyggelag vart skipa i 1953 og forvaltar 1300 bustader i 72 burettslag.

Velforeiningar og grendalag er organisasjonar som arbeider med ulike fellestiltak i avgrensa

geografiske område. Mange av foreiningane har eigne forsamlingshus. Det finst i dag eit par hundre velforeiningar og grendalag i fylket.

Bevaringsstatus

Det er bevart arkiv etter 50 organisasjonar i denne sektoren. Dei fleste er bygdelag/velforeiningar, men det finst òg arkiv etter samfunnshus og eitt burettslag.

Dokumentasjonsmål

Tiltak er ikkje prioritert i denne planperioden.



Herbariumplakat frå Eidså Jordbruksskule, også kalla Jordbruksskulen på Sunnmøre. Skulen vart stifta i 1916. I 1939 overtok Møre og Romsdal fylke skulen, som vart nedlagt i 1953.

Foto: Åsta Vadset / IKAMR.

Utdanning og forskning

Rundt 1900 vart det skipa fleire private skular for fagutdanning i Noreg, men dei fleste av desse vart tatt over av det offentlege før 2. verdskrigen. I 1950 ser det ut til å ha vore berre to slike skular att i fylket: Laders handelsskole (Kristiansund) og Storfjord handelsskule (Stranda, no Vestborg vidaregåande skule). Ved sida av det offentlege skulestellet fanst det òg folkehøgskular og ungdomsskular. Folkehøgskulane var knytte til den frilynde ungdomsrørsla, medan ungdomsskulane vart drivne av kristelege organisasjonar. Etter innføringa av niårig skule endra ungdomsskulane òg namn til folkehøgskular. I Møre og Romsdal har videsse folkehøgskulane/ ungdomsskulane: Møre folkehøgskule (Ørsta, etablert 1899), Sunnmøre ungdomsskule (Ulsteinvik 1908, no Sunnmøre folkehøgskule), Nordmøre folkehøgskule (Surnadal, 1913), Møre ungdomsskule (1914, no Ålesund folkehøgskule), Nordmøre ungdomsskule (Gjemnes, 1917, no Nordvestlandet folkehøgskole) og Rauma ungdomsskole (1917, no Molde folkehøgskole). Etter at det

Bevaringsstatus

Det er registrert 130 arkiv og samlingar med tilknytning til utdanning og forskning. Kategorien omfattar eit breitt spekter, frå arkiv etter private barnehagar og skular, til kjeldesamlingar etter bygdebokarbeid og privatpersonar.

Dokumentasjonsmål

Arkiva etter folkehøgskulane bør stå høgt på prioriteringslista. Nettverket bør ta kontakt for å undersøkje oppbevaringstilhøva for arkiva og ev. interesse for deponering.

vart innført statstilskot til privatskular i 1970, har det blitt etablert fleire private grunnskular og vidaregåande skular i fylket, ofte på livssyns- eller pedagogisk grunnlag, men òg med økonomiske motiv.

Skule- og barnehagearkiv kan innehalde personsensitiv dokumentasjon. Bevaring av slik dokumentasjon er regulert av personopplysningslova og personvernforordninga, som tillèt bevaring «for arkivformål i allmennhetens interesse, for formål knyttet til vitenskapelig eller historisk forskning eller for statistiske formål» (forordninga, artikkel 17, 3.d.). Institusjonar som bevarer personsensitiv dokumentasjon frå skular må tilfredsstille dei krava til sikring som er fastsett i personopplysningslova og personvernforordninga.

Det lokalhistoriske arbeidet i fylket ser ut til å ha starta på regionalt nivå. Sunnmøre historielag vart skipa i 1909, Nordmøre historielag i 1920 og Romsdal sogelag i 1921. I dag er det registrert ca. 60 lokale historie- og sogelag i fylket, dei fleste skipa etter 1970. Eldst av desse er Herøy sogelag (1936).



Symra Barneheim i Molde på midten av 1930-talet. Foto: Widerøe / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.Fot.44602).

Helse og sosial

Den private helse- og sosialsektoren har tradisjonelt omfatta legar, tannlegar, sjuke- og helsesøsterteneste og institusjonar som t.d. sjukeheimar og barneheimar. Frå 1960-talet har det kome til nye profesjonar som psykologar og fysioterapeutar, og yrkesutøvarar innanfor såkalla alternativ medisin. Dei siste 30 åra har det dessutan blitt skipa private verksemder som tilbyr helse- og sosialtenester, som t.d. Medi3. Samstundes har delar av dei kommunale tenestene innanfor sektorane blitt sett ut til private aktørar.

Arkiva til helsepersonell og -verksemder vil vanlegvis innehalde pasientjournalar. Bevaring av desse er regulert av § 17 i pasientjournalforskrifta:

Hvis det ved overdragelse eller opphør av virksomhet ikke er aktuelt å overføre pasientjournalene til et bestemt helsepersonell eller til en bestemt virksomhet, skal de avleveres til Helsedirektoratet eller det organ direktoratet bestemmer. Helsedirektoratet

Bevaringsstatus

Det er registrert 228 arkiv frå helse- og sosialsektoren. 150 av desse er arkiv etter lokale sanitetsforeiningar og institusjonar som vart drivne av foreiningane. Hovudårsaka til dette er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeslaget i NKS og IKAMR om innsamling og digitisering av sanitetsarkiv. Det er òg bevart eit trettital arkiv frå helselag. Nokre viktige institusjonsarkiv er òg bevart. Det er ikkje bevart noko apotekarkiv.

Dokumentasjonsmål

IKAMR samarbeider no med fylkeslaget i Nasjonalforeningen for folkehelsen om eit prosjekt for innsamling og bevaring av helselagsarkiv. Nettverket bør på noko sikt drøfte tiltak for bevaring av arkiv frå apoteka.

er dataansvarlig for behandlingen av opplysningene etter at de er avlevert.

Journaler som avleveres oppbevares til det av hensyn til helsehjelpens karakter ikke lenger antas å bli bruk for dem, og kan deretter tilintetgjøres etter samråd med Riksarkivaren eller avleveres til offentlig arkivdepot. Materialet fra spesialisthelsetjenesten skal behandles som bestemt i helsearkivforskriften.

Arkiva etter verksemder i sosialsektoren kan òg innehalde personsensitiv dokumentasjon. Bevaring av slik dokumentasjon er regulert av personopplysningslova og personvernforordninga, som tillèt bevaring «for arkivformål i allmennhetens interesse, for formål knyttet til vitenskapelig eller

historisk forskning eller for statistiske formål» (forordninga, artikkel 17, 3.d.). Institusjonar som bevarer personsensitiv dokumentasjon frå helse- og sosialsektoren må òg tilfredsstillе dei krava til sikring som er fastsett i personopplysningslova og personvernforordninga.

Mange helselag og sanitetsforeiningar sette i verk lokale sjukesøstertjenester frå tidleg på 1900-talet og spedbarnskontroll frå 1950-talet. Nokre foreiningar fekk òg etablert sjukeheimar, «gamleheimar», fødeheimar og sjukestover. Det var òg ein handfull barneheimar som vart drivne av helselag, sanitetsforeiningar eller kristne organisasjonar. Frå 1970-talet vart desse oppgåvene overtatt av fylkeskommunen eller kommunane, men drifta av institusjonane kan til dels vere dokumenterte i foreiningsarkiva.

Utanom sjukehusapoteka fanst det i 1950 eit tital apotek i Møre og Romsdal. Apoteklova av 2001 fjerna kravet om at eit apotek måtte eigast av ein farmasøyt. Dette har ført til ein stor auke i talet på apotek, samstundes som bransjen no er dominert av fire apotekkjeder med Apotek1 og Vitusapotek som dei største.



Reportasje om Sanitetsarkivprosjektet i Møre og Romsdal i Fredrikke, Norske Kvinners Sanitetsforening sitt medlemsblad, nr 1 i 2023. Foto: Åsta Vadset / IKAMR.

Stemnet på 80-årsdagen til Ivar Aasen i Åsen i Ørsta, 5. august 1893. Åsen-tunet har ein lang stemnetradisjon, og det var her under eit stemne i 1885 at Hovdebygda ungdomslag blei skipa. Ukjend fotograf / Nynorsk kultursentrum.



Kultur og kunst

Siste delen av 1800-talet var prega av framvoksteren av nasjonale og folkelege kulturytringar: den frilynde ungdomsrørsla, målrørsla, korrørsla og korpsrørsla.

Den frilynde ungdomsrørsla vaks òg fram på slutten av 1800-talet. I følgje Brønnøysundregistra vart 28 av dei ca 80 registrerte laga skipa før 1900. Dei eldste er Hovdebygda ungdomslag (1885), Ungdomslaget Bard (1889, Barstadvika) og Ungdomslaget Fram (1891, Longva). Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag vart skipa i 1894. Romsdal Ungdomssamlag og Nordmøre Ungdomslag vart begge skipa i 1895. Fogderilaga i Nordmøre og Romsdal slo seg saman i 2015 til Nordmøre og Romsdal ungdomslag.

Mållaga oppstod samstundes med ungdomslaga. Møre og Rauma Maallag vart i 1899 i Ålesund, og skulle vere eit mållag for heile Romsdals amt. I 1907 gjekk nordmøringane ut av laget og skipa Nordmøre Maallag. Det opphavlege laget endra då namn til Sunnmøre og Rauma Maallag. I 1912 blei laget så delt i to: Sunnmøre Maallag og Rauma Maallag. Rauma Maallag blei omdøpt til Romsdal Mållag i 1931. Sunnmøre Maallag var lenge ikkje aktivt, og blei reetablert rundt 1950.

Dei første songkora i fylket vart skipa rundt midten av hundreåret. Norges korforbund har no 74 medlemskor i Møre og Romsdal og Norsk sangerforum har 15, men det er fleire kor som ikkje er medlemmer av forbunda.

Den første organiserte musikkverksemda ser ut til å ha funne stad i Kristiansund ved starten av 1800-talet, då det vart sett opp songteater i

Bevaringsstatus

Det er registrert 254 arkiv og samlingar innanfor dette feltet. Dei fleste er personsamlingar av ulik art. Det er bevart 64 ungdomslagsarkiv, eit femtital arkiv etter kor og musikklag, eit tiltal mållagsarkiv og nokre arkiv etter m.a. kunstlag og husflidlag.

Dokumentasjonsmål

Nynorsk kultursentrum bør som nasjonal koordinator for arkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur, i samarbeid med fylkeskoordinator ta initiativ til at ungdomslags- og mållagsarkiv blir samla inn. Ordning av arkivet etter Hans Hyldbakk ved Nordmørmusea si avdeling i Surnadal må vere ei prioritert oppgåve.

ein privat heim – Operaen i Kristiansund reknar i alle høve dette som sin forløpar. Operaen har hatt årlege oppsetjingar sidan 1971 i samarbeid med Kristiansund symfoniorkester (skipa 1919). Andre symfoniorkester i fylket er det i Ålesund (1945) og ved Høgskulen i Volda (1947).

Dei første musikkorpsa vart skipa på 1890-talet. Musikklaget Ulf (1893, Ulsteinvik), Ynglingeforeningens musikkorps (1896, Kristiansund) og Vestnes musikklag (1896) er framleis aktive. I dag er eit femtital musikkorps (inkludert brassband) frå Møre og Romsdal registrert i Brønnøysundregistra. Det har ikkje vore mogleg å få fram eit dekkjande oversyn over orkester innanfor populærmusikk og jazz. Når det gjeld musikkfestivalar er jazzfestivalen i Molde den eldste. Den vart starta av Storyville Jazz Club i 1961 og etablert som eiga verksemd i 1968. Dei siste par tiåra har det kome til ei rekkje festivalar av varierende storleik og format.

Fortidsminneforeningane er organisert på

fogderinivå: Nordmøre (1974), Romsdal (1975) og Sunnmøre (1982). I tillegg er her 11 kystlag som arbeider med kysthistoriske kulturminne.

Det finst eit tjuetal kunstforeiningar i fylket og



Lastebilar i Langveien 19 i Kristiansund framfor brakka til Den Indre Misjon. Basar. Ca. 1955. Ukjend fotograf / Nordmørmusea (KMb-1992-037.0001).

Tru og livssyn

Trussamfunna har spela, og spelar framleis, viktige roller i samfunnet. Dei set rammer for inngangen til og utgangen av livet, og kan vere sosiale nettverk for mange menneske. Denne planen omfattar berre trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja (som overfører sine arkiv til det statlege Arkivverket) og den katolske kyrkja (som har eiga ordning for bevaring av arkiva).

Dei lågkyrkjelege organisasjonane vaks fram frå midten av 1800-talet. Dei første indremisjonsforeiningane vart skipa i Kristiansund (1867) og Ålesund (1868) og eit tital fleire kom til før hundreårsskiftet. I dag er det registrert 42 indremisjonsforeiningar i fylket. Den evangelisk-lutherske frikyrkja har sju kyrkjelydar i fylket. Frikyrkja i Ørsta

om lag like mange kunstgalleri. Dei eldste er Kristiansund kunstforening (1883) og Ålesund kunstforening (1906).

Fylket har òg 28 husflidlag, inkludert fylkesleddet. Det eldste laget er i Volda (1906).

Bevaringsstatus

Det er registrert 161 arkiv og samlingar i denne gruppa. Den store majoriteten er frå lokale lågkyrkjelege organisasjonar. Det er ikkje bevart materiale etter ikkje-kristelege arkivskaparar.

Dokumentasjonsmål

Nettverket bør drøfte tiltak for å samle inn dokumentasjon frå ikkje-kristelege arkivskaparar.

(1896) er eldst. Det ser ut til å vere ca. 15 pinsemenigheiter i fylket, men talet er usikkert fordi menigheitene er frittstående utan nokon formell felles organisering. Misjonskyrkja har tre menigheiter i fylket, og Den frie evangeliske forsamling har òg ein handfull kyrkjelydar i fylket. Norsk luthersk misjonssamband har sju foreiningar i fylket. Den indre sjømannsmisjonen er organisert på fylkesnivå. Det er registrert åtte ortodokse eritreiske kyrkjesamfunn i fylket.

KFUK-KFUM er behandla under 3.3.19. Barne- og ungdomsorganisasjonar.

Det finst fem islamske foreiningar i Møre og Romsdal. I tillegg har vi Islamsk dialognettverk, som er ein paraplyorganisasjon for moskéane. Human-etisk forbund har seks lokallag i Møre og Romsdal.



Fotballkamp mellom Bud og Gossen i 4. divisjon våren 1976. Gossen vann 1–0.

Foto: Romsdal Folkeblad / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.Fot.94556).

Bevaringsstatus

Det er registrert arkiv etter 180 foreiningar. Eit syttital av desse er frå idrettslag (inkludert 21 skyttarlag) og eit tital frå pensjonistlag. Elles er dei fleste gruppene som er nemnt ovanfor representert.

Dokumentasjonsmål

IKAMR er engasjert i eit prosjekt for å bevare idrettslagsarkiv. Romsdalsmuseet har implementert idrettshistorie i sine samlingsplanar som oppfølging av eit prosjekt som vart gjennomført for nokre år sidan. Ingen tiltak ut over dette.

Idrett og fritid

Dei første idrettslaga vart skipa på slutten av 1800-talet. Først ute var Aalesundsturnforening (1887), tett følgd av Kristiansunds turnforening (1891), Molde og omegns idrettsforening og Kristiansunds idrettsforening (begge 1892). I dag er idretten i fylket organisert under Møre og Romsdal idrettskrets, med ca. 500 idrettslag og særiddrettar. I tillegg finst det 25 idrettsråd, som er samarbeidsorgan mellom idrettslaga og kommunane.

Turistforeiningane var òg skipa på slutten av 1800-talet. I dag i dei organisert som distriktslag under Den norsk turistforeining: Kristiansund og Nordmøre turistforening (1888), DNT Romsdal og DNT Sunnmøre (begge 1889). Det finst òg nokre lokale turlag som er tilslutta distriktsforeiningane.

Av jeger- og fiskarforeiningar er det registrert 33, i tillegg til fylkesorganisasjonen av Noregs jeger- og fiskarforbund.

Fylket har ca. 40 motorsykelklubbar, og ei rekkje foreiningar som arbeider med bevaring og restaurering av bilar. I tillegg er her åtte motorsportsklubbar.

Det er registrert eit åttital pensjonistforeiningar i fylket, organisert dels etter geografi og dels etter tidlegare yrke eller arbeidsplassar. Eit femtital av desse er tilslutta Norsk pensjonistforbund og blir i denne planen rekna som politiske organisasjonar.

I tillegg til dei som er nemnde ovanfor, finst det mange organisasjonar med ei rekkje ulike formål, frå hundehald via restaurering av bygningar til fremjing av norsk akevitt. Å gi eit fullt oversyn over alle desse foreiningane er ikkje mogleg innanfor rammene av bevaringsplanen, men generelt kan det seiast at alle foreiningsarkiv sin bevaringsverdi må vurderast etter dei prinsippa som det er gjort greie for i innleiinga.



Nørvasund skulekorps spelar i Borgundgavlen i Ålesund i 1983, utanfor båthallen på Sunnmøre museum. Foto: Sunnmørsposten / Viti.

Arbeidslivsorganisasjonar

Forhandlingar mellom arbeidstakarar og arkivgivarar kan gå føre seg på to nivå: på landsplan eller lokalt innanfor den einskilde bedrifta. Sentrale forhandlingar vert dokumentert i arkiva til dei aktuelle landsforeiningane. Lokale forhandlingar vert dokumentert i arkiva til bedrifta og den lokale fagforeininga. Difor er det først og fremst fagforeiningsarkiva som er målgruppa for bevaringsplanen.

Arkiva til foreiningar som er tilslutta LO skal bevarast av Arbark (Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek). Etter avtale er det IKAMR som har denne oppgåva i Møre og Romsdal. I tillegg til LO finst det tre nasjonale faglege samanslutningar: Unio, YS, og Akademikerne. Fagforbundet NITO er ikkje tilslutta nokon hovudorganisasjon.

NITO og forbunda som er med i LO, Unio, YS eller Akademikerne har som oftast avdelingar og klubbar i kommunar og på arbeidsplassar. I tillegg har LO fleire regionale avdelingar i fylket.

Bevaringsstatus

Arbeidslivsorganisasjonar: Det er registrert 210 arkiv etter arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonar. Av desse er ca. 180 fagforeiningar tilslutta LO og 32 lærarorganisasjonar.

Barne- og ungdomsorganisasjonar:

Det er registrert arkiv etter 200 barne- og ungdomsorganisasjonar. Dei største gruppene er barnelosjar og barnefråhaldslag og speidarforeiningar.

Dokumentasjonsmål

Arbeidslivsorganisasjonar:

Ingen prioriterte dokumentasjonsmål i planperioden.

Barne- og ungdomsorganisasjonar:

Fylkesleddet i Arkiv etter 4 H-foreiningane har tatt kontakt med IKAMR for bevaring. Ei utfordring her er at organisasjonen ikkje har råd til å betale for deponering.

Barne- og ungdomsorganisasjonar

Noregs speidarforbund er organisert i to krinsorganisasjonar: Sunnmøre krins med sju grupper og Nordmøre og Romsdal krins med ti grupper. Ålesund 1. speidargruppe er eldst (1910).

KFUK-KFUM starta som ynglingeforeiningar på slutten av 1800-talet, den første i Ålesund i 1870. Møre og Romsdal krins har i dag eit tital lokalforeiningar. Speidarorganisasjonen til KFUK-KFUM er størst på Sunnmøre med 17 grupper, medan Nordmøre og Romsdal krins har fem grupper.

4H i Møre og Romsdal har 35 klubbar i tillegg til fylkeslaget. Det finst òg nokre frittstående ungdomsklubbar.



I.O.G.T.-losjen Broderkjæden med medlemmene sine utanfor losjehuset i Molde. Foto: Kirkhorn / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.Fot.81566).

Bevaringsstatus

Det er registrert arkiv etter 177 organisasjonar og fem legat. Av desse er 78 losjar, 40 fråhaldslag og 15 husmorlag/kvinne- og familielag. Dei andre organisasjonane som er nemnde ovanfor er representerte med nokre få arkiv kvar.

Dokumentasjonsmål

Nettverket bør på noko sikt drøfte strategiar for innsamling av arkiv frå aktive organisasjonar i denne kategorien.

Frivilligheit og legat

Det er ei lang rekkje frivillige organisasjonar i fylket som arbeider med sosiale og veldedige formål. Sanitetskvinnene og helselaga er behandla under 3.3.14. Helse og sosial.

Røde kors har 22 avdelingar pluss fylkesorganisasjon. Den første avdelinga vart skipa i Kristiansund i 1907. Norsk folkehjelp har fem foreiningar i fylket.

Noregs kvinne- og familieforbund (tidlegare Noregs husmorforbund) vart skipa som Hjemmenes vel landsforbund i 1915. Forbundet har i dag 11 lag i fylket, men må tidlegare hatt fleire. Det eldste aktive laget er Moltustranda kvinne- og familielag som vart skipa i 1939.

Det finst 30 frivilligsentralar i Møre og Romsdal. Vanlegvis er desse kommunale verksemdar, men sentralane i Aure, Averøy, Hornindal, Kristiansund, Sunndal og Vestnes er registrert som foreiningar.

Fråhaldsrørsla i fylket er i dag organisert i IOGT og DNT Edru livsstil. IOGT har tre regionforeiningar: Nordmøre og Romsdal, Nøre Sunnmøre og Søre Sunnmøre og avdelingar i Molde (1883), Ålesund (1880) og Volda. Ungdomsorganisasjon Juvente har lag i Molde og Ålesund og barneforeininga Juba i Sykkylven. DNT Edru livsstil har, i tillegg til fylkesleddet, lokallag i Kristiansund (1883), Molde (1885) og Ålesund (1878).

Dei internasjonale organisasjonane Lions, Rotary og Odd Fellow har òg lokallag i fylket. Her er 19 Lions-klubbar. Rotary har eit tjuetal lokalforeiningar og tre foreiningar av kvinneorganisasjonen Inner Wheel. Odd Fellow-ordenen har 15 Odd Fellow-losjar og eit tital Rebekka-losjar.

Når det gjeld legat og allmennyttige fond har Brønnøysundregistra registrert 27 legat. I tillegg er det minst eit tital fond som deler ut midlar til ulike formål.



Tamilar som demonstrerer ved rådhuset på Åndalsnes i 1987. Foto: Romsdals Budstikke / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.RB.13202_7).

Mangfold og inkludering

Noreg har alltid vore eit fleirkulturelt samfunn. I dag har samane status som urfolk, fordi dei har budd i landet frå før den norske staten vart etablert. Jødar, kvenar, rom, romani og skogfinnar har status som nasjonale minoritetar fordi dei har ei lang historie i Noreg. Nyare innvandrargrupper vert rekna som etniske minoritetar. Homofile, lesbiske, bifile og transpersonar vert rekna som minoritetar på grunn av seksuell legning eller kjønnsidentitet. Alle desse gruppene er gjennom internasjonale konvensjonar gitt særlege rettar: retten til å eksistere, vern mot forfølgning og diskriminering, rett til politisk deltaking og rett til ein identitet. Desse rettane gjeld òg menneske med nedsett funksjonsevne.

Dei bevarte arkiva dokumenterer som oftast makthavarane og majoriteten sine historier. Minoritetane er som oftast underdokumentert eller usynleggjort. Det er difor ei prioritert oppgåve å bevare arkiv frå minoritetar. I Møre og Romsdal er det registrert følgjande etniske foreiningar som bør omfattast av bevaringsplanen:

- Møre og Romsdal sameforeining (truleg bevaring i Samisk arkiv)
- Fem somaliske foreiningar

- Litauisk foreining for Møre og Romsdal
- Polsk-norsk foreining i Møre og Romsdal
- 11 tamilske foreiningar
- «Thai foreining Sunnmøre»
- To filippinske foreiningar
- Ei kurdisk foreining
- Ei kongolesisk foreining

FRI – foreininga for kjønns- og seksualitetsmangfold har ei avdeling i Møre og Romsdal, likeeins Skeiv ungdom.

Funksjonshemmas fellesorganisasjon (FFO) har fylkesorganisasjon og tre lokalavdelingar i Møre og Romsdal. FFO har 87 nasjonale medlemsforeiningar. Av desse er fleire aktive i Møre og Romsdal, t.d. Diabetesforbundet med fylkesorganisasjon og fem lokallag, Blindeforbundet med fylkeslag, fire lokallag og tre særgrupper. Døveforbundet har eit fylkeslag.



Bygdepride-parade i 2018. Dette var den første Bygdepride-festivalen, og blei arrangert i Ørsta og Volda. Foto: Stina Aasen Lødemel.

Bevaringsstatus

Det er berre bevart ti arkiv etter organisasjonar i denne gruppa, alle knytt til ulike former for sjukdom eller nedsett funksjonsevne.

Dokumentasjonsmål

Nettverket bør ta kontakt med aktuelle minoritetsorganisasjonar for å undersøkje interessa for ev. deponering av arkiv.



Teltleiren ved Mardøla-demonstrasjonen i Sandgrovbøtn i 1970. Foto: Romsdals Budstikke / Romsdalsmuseets fotoarkiv (R.RB.14899_536).

Natur- og miljøvern

Naturvernforbundet har sju lokallag og fylkesorganisasjon i fylket.

Framtiden i våre hender er registrert med eit lokallag.

Det er registrert tre lokale organisasjonar mot vindkraft: Haram, Runde og Aure. I tillegg finst Motvind Nordvest som er del av Motvind Noreg.

Nettverk Marin Forsøpling Møre og Romsdal er eit samarbeidstiltak koordinert av Runde miljøsenter og friluftsråda i fylket. Plastpiratene har eit lokallag i Møre og Romsdal.

Norsk ornitologisk foreining (Birdlife Norge) er organisert på fylkesnivå og med ei lokalavdeling i Ålesund.

Politiske organisasjonar

Partia på venstresida og deira ungdomsorganisasjonar avleverer sine arkiv til Arbeiderbevegelsens arkiv, som i vårt fylke er lokalisert ved IKAMR. Dei andre politiske

Bevaringsstatus

Natur- og miljøvern: Det er berre bevart fire arkiv frå dette feltet.

Politiske organisasjonar: Det er registrert 142 arkiv og samlingar knytt til politiske lag og organisasjonar. Dei partia som er representert er Arbeidarpartiet (71), Venstre (16), Kristeleg folkeparti (13), Senterpartiet (7), Sosialistisk venstreparti (9), Høgre (4) og Noregs kommunistiske parti (1) og Sunnmørslista (1). Dominansen til Arbeidarpartiet kjem av at arkiva er deponerte hos IKAMR som forvaltar den regionale avdelinga av Arbeiderbevegelsens arkiv. Elles er ymse interesseorganisasjonar og aksjonsgrupper representerte i samlingane.

Dokumentasjonsmål

Natur- og miljøvern: Nettverket bør ta kontakt med organisasjonane for å undersøkje interessa for å deponere arkiv. IKAMR bør ta initiativ til å bevare arkiv etter Nei til vindkraft på Haramsøya.

Politiske organisasjonar: Nettverket bør på noko sikt kontakte fylkesorganisasjonane til partia for å få på plass deponeringsordningar.

partia avleverer arkiva frå sine sentralledd til Arkivverket. Alle politiske parti er organisert på fylkesnivå og i varierende grad på kommunenivå.

I tillegg til dei politiske partia finst ei rekkje interesseorganisasjonar som t.d. Norsk pensjonistforbund, som har eit femtital lokalavdelingar i fylket. Vi finn òg organisasjonar med særlege politiske mål, som t.d. Nei til EU, forsvarforeiningane og Palestinakomitéen.



Eit handmåla reklameskilt i arbeid. Foto tatt i produksjonslokala til Eidskrem Reklame AS i Strandgata i Ålesund. IKAMR / FAKd-0360.E0008. Foto: Ragnar H. Albertsen / IKAMR.

Anna tenesteyting

Denne gruppa omfattar ei lang rekkje yrke, frå advokatar til veterinærar. I dette oversynet har vi tatt med dei viktigaste.

I 1950 fanst det 13 advokatar i Kristiansund, 11 i Ålesund, sju i Molde og ti i andre kommunar. I dag er det registrert 54 verksemder, dels som AS og dels som ENK. Advokatarkiv kan vere viktige historiske kjelder til fordi dei ofte dokumenterer ulike konflikhtar knytt til samfunnsutviklinga. Samtidig inneheld dei ofte personsensitiv informasjon, noko som kan gjere det utfordrande å inngå bevaringsavtalar.

Av arkitektar var der i 1950 registrert fem i Kristiansund, tre i Ålesund, to i Molde og to

utanfor byane. I dag har fylket 41 verksemder, dels som ENK og dels som AS eller andre organisasjonsformer. Arkitektane er organisert i Møre og Romsdal arkitektforeining. Arkitektane sine teikningsarkiv inneheld dokumentasjon som vi kan finne i dei kommunale byggjesaksarkiva, men òg unike detaljteikningar. Det vil vere særlege utfordringar når det gjeld bevaring av digitale teikningsarkiv.

I 1950 vart det registrert 37 fotografar i fylket: Fotograf Dale, Camilla Eriksens fotografiske atelier, P. K. Giske, Håkon Haug, Alf Ringdal, J. Sponland (alle Ålesund), Birger Andresen, Arnold Drage, J. A. Engvik, Mathilde Johansen, Moge Foto, Nils Williams (Kristiansund), E. Birkeland, Alfr. Groven, Norm. Haug, K. Kirkhorn (Molde), Kristofer Aas (Vestnes),

Andreas Berge (Leinøy), Fotohaugen (Langevåg). Martin Furmyr (Fosnavåg), O. Gunnerus fotoatelier (Surnadal), P. O. Halås (Tingvoll), Jostein Haugen (Volda), Lorentz Jønsson (Hareid), Karl Kornberg (Volda), N. H. Lied (Fosnavåg), P. P. Lyshol (Sykkylven), Johan Nerbøvik (Volda), Hans Ormset (Aure), Martin Ringstad (Stranda), Erling Skarsbø (Aukra), Knut Steinnes (Larsnes), Asbjørn Sødahl/Sødahl foto (Åndalsnes), Randulf Ulfstein (Ulsteinvik), Karl Vassbotn (Stranda), Magnar Vassli (Tingvoll) og Martin I. Velle (Ørstavik). I dag er det registrert 83 fotografar i fylket, i all hovudsak enkeltpersonføretak. Møre og Romsdal fotograflaug er ein fellesorganisasjon for fotografar i fylket.

I 1950 vart det registrert 12 rekneskaps- og revisjonsverksemder i fylket, alle i byane. I dag finst her 94 slike verksemder. Dette er truleg eit uttrykk for at rekneskapsføring er noko som mange verksemder no har sett ut til andre. Rekneskapstala frå alle verksemder finst i stor grad i offentlege arkiv, og er i tillegg til dels offentleg tilgjengelege.

Reklamebransjen omfatta i 1950 åtte verksemder i fylket, seks i Ålesund og to i Kristiansund. I dag er det 21 reklameverksemder registrert Brønnøysundregistra.

Det er berre registrert fire vaskeri og reinseri i Møre og Romsdal i dag. Eit av desse, Vesta reinseri i Ørsta har hatt kontinuerleg drift i meir enn 70 år og arkivet bør vurderast for bevaring.

I 1950 fanst det tre veterinærar i Ålesund og 13 i distrikta. I dag er her registrert 44, og i tillegg ti dyreklinikkar. Denne auken speglar nok ein tilsvarande auke i kjæledyrhaldet.

Bevaringsstatus

Det er bevart 37 arkiv i denne gruppa. Av desse er seks arkitektarkiv, seks fotografarkiv og to advokatarkiv. I tillegg er det bevart fleire reine fotosamlingar utan tilhøyrande arkiv.

Dokumentasjonsmål

Vesta reinseri bør kontaktast for å undersøkje interessa for bevaring. Elles er det ingen prioriterte tiltak i denne planperioden.

Personarkiv og -samlingar

Kartlegginga har òg registrert ca. 300 ukategoriserete personarkiv og -samlingar. Dette er hovudsakleg dokument som einskildpersonar har samla, anten som dokumentasjon av eige liv eller personlege interesseområde. Ein nærare gjennomgang av kva desse inneheld er nødvendig før ein kan seie noko om bevaringsstatus og dokumentasjonsmål.

4 Handlingsplan 2024–2027

Organisering

Gjennomføring av bevaringsplanen krev eit forpliktande samarbeid som tar omsyn til institusjonane sine samfunnsoppdrag og ressursar. Kjørereglar for dette samarbeidet er beskrevet i gjeldande versjon av Samhandlingsplan for privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal. I den finst òg retningslinjer for avtale med arkiveigar ved avlevering/deponering, og gjennomgang av faglege prinsipp for ordning, beskriving og tilgjengeleggjering av arkiva.

Handlingsplanen gjeld for perioden 2024 – 2027. Revisjon av planen skal gjennomførast hausten 2027. Fylkeskoordinator er ansvarleg for å setje i gang revisjonsarbeidet.

Særlege utfordringar

Bevaring av personopplysningar

Dei fleste privatarkiv inneheld personopplysningar, t.d. om medlemmer i organisasjonar, tilsette i verksemdar, eller personar arkivsskaparen har vore i kontakt med. Når det gjeld levande personar er bevaring av slike opplysningar omfatta av personvernlovgivinga, dvs. personvernlova og

personvernforordninga (GDPR). Ein hovudregel her er at behandling av personopplysningar berre skal skje etter samtykke frå den opplysningane gjeld.

Bevaring av personopplysningar¹ utan samtykke frå dei registrerte er likevel lovleg når dette skjer for arkivformål i ålmennheits interesse. Men slik bevaring treng eit rettsgrunnlag i nasjonalt lovverk. Offentlege arkivinstitusjonar (som IKAMR) har slikt rettsgrunnlag i arkivlova med forskrifter, men dette gjeld ikkje for private bevaringsinstitusjonar (som musea). Musea kan likevel med heimel i § 8 og 9 i personvernlova bevare personopplysningar når tiltaka og garantiane i artikkel 89 i personvernforordninga er oppfylte. Dersom bevaringa gjeld sensitive² personopplysningar er det naudsynt å søkje råd hos personvernombodet eller ev. gjennomføre ei personvernkonsekvensutredning.

Bevaring av privatarkiv må følgje dette regelverket. Den europeiske arkivgruppa (EAG) har utarbeida Veileder i personvern for arkivbevarende institusjoner der ein kan finne råd for korleis ein kan handtere utfordringane.³ Privatarkivnettverket må

1 Personvernforordninga definerer i artikkel 4 nr.1 personopplysningar som «enhver opplysning om en identifisert eller identifiserbar fysisk person («den registrerte»); en identifiserbar fysisk person er en person som direkte eller indirekte kan identifiseres, særlig ved hjelp av en identifikator, f.eks. et navn, et identifikasjonsnummer, lokaliseringsopplysninger, en nettidentifikator eller ett eller flere elementer som er spesifikke for nevnte fysiske persons fysiske, fysiologiske, genetiske, psykiske, økonomiske, kulturelle eller sosiale identitet».

2 I følgje personvernforordninga artikkel 9 nr. 1 gjeld dette «... personopplysninger om rasemessig eller etnisk opprinnelse, politisk oppfatning, religion, filosofisk overbevisning eller fagforeningsmedlemskap, samt behandling av genetiske opplysninger og biometriske opplysninger med det formål å entydig identifisere en fysisk person, helseopplysninger eller opplysninger om en fysisk persons seksuelle forhold eller seksuelle orientering ...».

3 Den europeiske arkivgruppa (EAG) har utarbeida Veileder i personvern for arkivbevarende institusjoner, som kan lastast ned frå [Arkiv, personvern og GDPR - Arkivverket](#).

utarbeide ei rutinebeskriving om behandling av personopplysningar i private arkiv som skal bevarast.

Digitalt skapte privatarkiv

I dag blir private og offentlege arkiv vanlegvis skapt med hjelp av digitale verktøy og må bevarast i digitale format for å sikre autentisiteten og integriteten til dokumentasjonen. Den einaste bevaringsinstitusjonen i fylket som i dag har kompetanse på digital arkivbevaring er IKAMR, men denne ressursen er knytt til arkivets primæroppgåve som arkivdepot for eigarkommunane, og finansiert av desse. Det finst såleis ikkje tilgjengelege ressursar for bevaring av digitale privatarkiv i Møre og Romsdal, og det er difor førebels ikkje stilt konkrete mål om innsamling av slike arkiv.

Digitale arkiv som går ut av bruk kan snøgt bli utilgjengelege pga. manglande vedlikehald og teknologisk utvikling. Det er difor naudsynt at ressursar til bevaring av digitale privatarkiv kjem på plass i løpet av planperioden.

Felles ordningsteneste og fellesmagasin

IKAMR har de siste år gjennomført fleire større ordningsprosjekt finansierte av prosjektmidlar frå Arkivverket, m.a. Unidos, Tingvoll ullvarefabrikk og Storvik mekaniske verkstad, dei to siste på oppdrag frå Nordmørsmusea. Ordning av større bedriftsarkiv krev særleg kompetent personale, fordi arkivsystema (i motsetning til offentlege arkiv) ikkje følgjer ein standardisert mal. Ein god måte å byggje opp og vedlikehalde ein slik kompetanse kan vere å etablere ei felles ordningsteneste knytt til koordinatorfunksjonen hos IKAMR, med fast personale som kan sikre at større og kompliserte arkiv blir ordna og beskrivne i samsvar med god arkivfagleg praksis.

Finansiering av ei slik teneste vil vere ei

utfordring. Så lenge Arkivverket held fram med si ordning med tilskot til bevaringsprosjekt for privatarkiv, kan ein rekne med meir eller mindre årvisse inntekter frå den, men ein vil likevel vere avhengig av ei fast grunnfinansiering frå anna hald.

Skiping av ei felles ordningsteneste vil føre til at fleire arkiv blir bevarte, ordna og tilgjengelege for forskning og anna bruk. Men desse arkiva skal òg oppbevarast ein stad, og i dag er det ingen av bevaringsinstitusjonane som har ledig plass i sine arkivmagasin. Den einaste realistiske løysinga på dette problemet er å etablere eit fellesmagasin for privatarkiv, anten i tilknytning IKAMRs nybygg (som er under planlegging) eller ein annan stad.

Styrking av koordinatorfunksjonen

Tiltaksplanen nedanfor inneber ei opptrapping av privatarkivarbeidet i fylket. Dei oppgåvene som er lagt til dei einskilte aktørane kan truleg gjennomførast med institusjonane sine noverande ressursar eller som prosjekt med ekstern støtte. Dei oppgåvene som er foreslått lagt til koordinator vil likevel krevje større ressursar enn det IKAMR har til dette arbeidet i dag. Koordinator bør òg i samråd med og på vegner av nettverket kunne søkje utviklingsmidlar.

Tiltaksplan

I analysedelen av bevaringsplanen er det peika på fleire tiltak som bør gjennomførast i løpet av planperioden. Vi kan skilje mellom tre typar tiltak: dei som gjeld IKAMR som fylkeskoordinator, dei som gjeld einskildinstitusjonar eller samarbeid mellom institusjonar, og dei som gjeld privatarkivnettverket generelt.

Tiltak som gjeld IKAMR som fylkeskoordinator

- Ta initiativ til å utarbeide ei rutinebeskriving om behandling av personopplysningar i private arkiv som skal bevarast.
- Ta kontakt med fylkesledda i Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget og Fiskarlaget for å undersøkje interessa for samarbeid om bevaring av fylkes- og lokallaga sine arkiv.
- Ta kontakt med dei tre aktive kvalfangstreiarylaga for å undersøkje interessa for bevaring.
- Ta initiativ til at arkivet etter Grepa Mjelva blir overført til ein bevaringsinstitusjon.
- Ta kontakt med Hildre fiskevegfabrikk/Mørenot for å undersøkje interessa for bevaring.
- Ta kontakt med folkehøgskulane for å undersøkje oppbevaringstilhøva for arkiva og ev. interesse for deponering.
- Arkivsamlinga ved Møbelmuseet må registrerast og ordnast. Viti og koordinator bør samarbeide om ein prosjektsøknad til Arkivverket for dette formålet.
- Det er behov for eit prosjekt for ei samla vurdering av skipsverftsarkiv som kan vere aktuelle bevaring, m.a. med tanke på kassasjon av arkivdelar med låg dokumentasjonsverdi. Koordinator bør ta opp dette spørsmålet i det nasjonale privatarkivnettverket.
- Ta initiativ til eit nettverksprosjekt for å utvikle prosedyrar for korleis ein kan bevare arkiv frå verksemder som er i drift.
- Ta initiativ til eit nettverksprosjekt for bevaring av arkiv frå minoritetsorganisasjonar.
- Ta kontakt og utvikle samarbeid med historielag som oppbevarer privatarkiv.
- Tilby rettleiing og opplæring i ordning og beskriving av papirarkiv.
- Fylkesleddet i 4 H-foreiningane har tatt kontakt med IKAMR med ønskje om å deponere arkiva, men organisasjonen ikkje har råd til å betale for deponeringa. Koordinator må arbeide for at IKAMR i samarbeid med fylkeskommunen får på plass ei ordning som kan sikre bevaring av arkiv frå aktive organisasjonar med små ressursar.

Tiltak som gjeld einskildinstitusjonar eller samarbeid mellom institusjonar

- Viti deltek i eit nasjonalt samarbeid om dokumentasjon av pelsdyrnæringa. IKAMR deltek som rådgjevar.
- Nynorsk kultursentrum – Aasentunet bør som nasjonal koordinator for arkiv som dokumenterer

nynorsk skriftkultur, i samarbeid med fylkeskoordinator ta initiativ til at ungdomslags- og mållagsarkiv blir samla inn.

- Romsdalsmuseet har kontakta Raudsand gruvemuseum for å undersøke kva som finst arkiv og drøfte tiltak som kan sikre dokumentasjonen for ettertida.
- Romsdalsmuseet har starta arbeid med dokumentasjon av gartneri og hagebruk.
- Ordning av arkivet etter Hans Hyldbakk må vere ei prioritert oppgåve for Nordmørsmusea.
- Nordmørsmusea bør setje i verk tiltak for å samle inn arkiv etter steinhoggarverksemda i Eide.
- IKAMR samarbeider med fylkeslaget i Landsforeininga for folkehelsa om eit prosjekt for innsamling og bevaring av helselagsarkiva.
- IKAMR bør kontakte Vesta renseri i Ørsta for å undersøkje interessa for bevaring.
- IKAMR bør ta initiativ til å bevare arkiv etter Nei til vindkraft på Haramsøya.
- IKAMR må sikre bevaring av arkiv etter Aalesunds margarinfabrikk.

Tiltak som gjeld nettverket generelt, og som kvar institusjon følgjer opp i sitt arbeidsfelt i samsvar med samhandlingsplanen

- Bevare arkiv frå eitt eller fleire gartneri som har vore i kontinuerleg drift sidan 1950-talet.
- Institusjonane bør undersøkje om det framleis finst arkivmateriale frå sildolje-, margarin- og hermetikkindustrien.
- Institusjonane må ta kontakt med verksemdar i samferdslesektoren i fylket for å undersøkje kva som finst av finst eldre og nyare arkiv og interessa for bevaringstiltak.
- Institusjonane bør ta kontakt med reiselivsorganisasjonane for å få på plass eit samarbeid om bevaring av arkiv frå verksemdene.
- Institusjonane bør ta kontakt med dei eldste lokalavisene og undersøkje interessa for samarbeid for bevaring.
- Institusjonane bør undersøkje kva som finst av arkiv frå fusjonerte bankar og forsikringsselskap og om eigarane har interesse av deponering av slike arkiv.
- Institusjonane bør setje i verk tiltak for å samle inn dokumentasjon frå ikkje-kristelege tru- og livssynsorganisasjonar.
- Institusjonane bør ta kontakt med naturvernorganisasjonane for å undersøkje interessa for å deponere arkiv.

Tilrådingar

Med dagens rammer kan denne bevaringsplanen bidra til større systematikk og kvalitet i bevaringsarbeidet. Klarare prioriteringar, arbeidsdeling og samordning av ressursar der det er tenleg, vil utan tvil styrke arbeidet med å bevare verdifulle og uerstattelege privatarkiv. Men om arbeidet skal kunne løftast opp på eit akseptabelt nivå er det behov for fleire tiltak. På

bakgrunn av dei utfordringane som vi har peika på under pkt. 4.2.2.–4.2.4. vil prosjektgruppa tilrå følgjande:

- Det blir sett i gang arbeid med å greie ut korleis ei felles ordningsteneste og eit ev. fellesmagasin kan organiserast og finansierast. Ei slik utgreiing kan med fordel òg drøfte og ta stilling til korleis arbeidet med bevaring av digitalt skapte privatarkiv skal gjennomførast. Vi finn det naturleg at Møre og Romsdal fylkeskommune i samarbeid med IKAMR tar ansvar for utgreiinga, og at musea deltar i arbeidet.
- Privatarkivnettverket i Møre og Romsdal har dei siste åra hatt ei svært positiv utvikling. Samarbeid og samhandling har ført til at bevaringsarbeidet har blitt styrka både kvantitativt og kvalitativt. Dette har samstundes ført til at koordinator ved IKAMR har fått fleire og større oppgåver. Det er difor nødvendig å styrke koordinatorfunksjonen, i første rekkje ved auke av det fylkeskommunale tilskotet til denne stillinga.